


Vedteke på LOs 35. ordinære kongress 30. mai til 3. juni 2022.

LOs handlingsprogram 2022–2025



LOs handlingsprogram

Vedteke på LOs 35. ordinære kongress
30. mai til 3. juni 2022

Innhold

1. Det store biletet	5
2. Å lære	7
2.1 Barnehage	8
2.2 Grunnskolen og SFO	8
2.3 Vidaregåande opplæring, fag- og yrkesopplæring	9
2.4 Universitets- og høgskoleutdanning	10
2.5 Fagskole	10
2.6 Elev-, lærling- og studentvelferd	11
2.7 Læring i arbeidslivet	11
3. Å skape	13
3.1 Økonomisk styring	13
3.2 Partssamarbeid og kompetanse	13
3.3 Ein aktiv arbeidsmarknads- og kompetansepolitikk	14
3.4 Ein open økonomi	14
3.5 EU og EØS	15
3.6 Forsking og utvikling	16
3.7 Lågutsleppssamfunnet	16
3.8 Ein aktiv næringspolitikk	17
3.9 Produksjon	18
3.10 Statleg eigarskap	20
3.11 Infrastruktur	20
3.12 Kulturen, idretten og media	21
4. Å jobbe	23
4.1 Tariffpolitikk og faglege rettar	23
4.2 Arbeidsliv under press	24
4.3 Bemanningsbransjen	25
4.4 Arbeidsmiljø	26
4.5 Arbeidstid	27
4.6 Likestilling og likelønn	28
4.7 Kjønns- og seksualitetsmangfold	30
5. Å dele	31
5.1 Fordeling gjennom lønn	31
5.2 Fordeling gjennom skatt	32
5.3 Fordeling gjennom overføringar og offentleg tenesteyting	32
6. Å ta vare på	34
6.1 Ein sterk velferdsstat	34
6.2 Velferd, ikkje marknad	34
6.3 Trygder, pensjoner og sosialhjelp	35
6.4 Bustad	36
6.5 Tryggleik i kvardagen	36
6.6 Kampen mot høgreekstremisme	37
6.7 Innvandring, flyktningar og integrering	38
7. Å meistre internasjonaliseringa	40
7.1 FN's berekraftsmål	40
7.2 Demokratibyging og anstendig arbeid	41
7.3 Forsvars- og tryggingpolitikk	42
7.4 Internasjonalt fagleg samarbeid	43

1. Det store biletet

Noreg er for dei aller fleste av oss eit godt samfunn å bu i. Eit tilnærma gratis helsestell, gratis skole og eit godt utvikla sosialt tryggingnett har bidrege til eit samfunn som sikrar at ein blir teken vare på dersom det skjer noko uføresett i livet. Ei sterk arbeidsmiljølovgeving, kombinert med sterke, ansvarlege fagforeiningar og eit regulert arbeidsliv, sikrar eit trygt og berekraftig arbeidsliv. Eit velfungerande demokrati der avgjerder blir tekne i fellesskap, og der sivile organisasjonar og fri presse spelar ei viktig rolle, er avgjerande for fridommen til kvar enkelt. Vi har tilgang til rein natur der vi bur, det er lite kriminalitet, og konfliktnivået i samfunnet er lågt. Kvinner og menn er meir likestilte enn nokon gong tidlegare, og alle kan delta på samfunnsarenaene uansett kjønn. Små skilnader og eit samfunn der menneske møtest på felles arenaer, bidreg til tryggleik og tillit. Det skaper eit «vi», utan å gå på kostnad av «eg». Kombinasjonen av ein sterk velferdsstat og ein forholdsvis jamt fordelt privat velstand sikrar ein god balanse mellom individuell fridom og tryggleik i fellesskapen.

Den norske modellen har gjeve høg økonomisk vekst og fordelt velstanden jamt. Modellen står seg såleis både økonomisk og sosialt. Kjernen i den norske samfunnsmodellen ligg i arbeidslivet, der velorganisert arbeidsliv og trepartssamarbeid er det mest grunnleggjande særtrekket. Lønnsdanninga og sentrale delar av den økonomiske politikken kviler på at vi har organiserte partar i arbeidslivet. Høg organisasjonsgrad lettar koordineringa og gjev ei lønnsdanning som gjer det mogleg å halde sysselsetjinga høg og arbeidsløysa låg.

Samfunnsbyggjarar i andre delar av verda møter den norske modellen med interesse. Modellen har skapt høg sysselsetjing, god omstillingsevne og eit lærande arbeidsliv. Dette samfunnet har ikkje komme av seg sjølv. Organiserte interessefellesskapar har bidrege til å byggje ut det norske demokratiet og den norske velferdsstaten. Ikkje minst har arbeidarrørsla spelt ei viktig rolle for å sikre demokrati, organisert arbeidsliv, økonomisk vekst, likestilling, jamn fordeling og tryggleik for innbyggjarane. Det faglegpolitiske samarbeidet mellom LO og Arbeidarpartiet har vore avgjerande for at verdiane våre har fått prege det norske samfunnet, og vil også vere det i framtida. Det er viktig med eit godt samarbeid med politiske parti og organisasjonar som deler ideologien og verdiane til LO. Noreg er i dag eit eksempel på at jamn fordeling ikkje står i vegen for økonomisk vekst, men snarare er ein føresetnad for henne.

LO ønskjer å føre vidare og styrkje desse trekka ved det norske samfunnet.

Samtidig står vi overfor viktige utfordringar:

- Dei økonomiske skilnadene veks, andelen fattige er aukande.
- Fleire unge og funksjonshindra slit med å få innpass og fotfeste i arbeidsmarknaden. Personar utan fullført vidaregåande opplæring står særleg svakt. Mange arbeidstakarar slit med å bli verande i arbeidslivet til pensjonsalderen.
- Kvinner har framleis ei systematisk svakare arbeidslivstilknytning enn menn, både i form av andelen i jobb og andelen som jobbar deltid. Kvinner står generelt i ein svakare økonomisk posisjon og er overrepresenterte i mellombelse stillingar og i låglønnsyrke. Samtidig tek kvinner ein større del av dei ubetalte omsorgsoppgåvene.
- Arbeidslivet er i endring gjennom nye kontraktsformer og nye former for bedriftsorganisering. Dette skaper eit lausarbeidarsamfunn der faste tilsetjingar ikkje lenger er normalen, og der makt blir flytta frå arbeidstakarar til arbeidsgjevar. Det kan

svekkje vilkåra for investering i kunnskap og kompetanse. Omgåingar av lov- og avtaleverk, auka bruk av innleige og bemanningsbyrå og meir sosial dumping og arbeidslivskriminalitet er ein del av dette biletet. Organisasjonsgraden har vore stabil i Noreg dei siste ti åra, men er fallande internasjonalt, noko som påverkar samfunnsutviklinga i negativ retning.

■ Innan offentleg sektor har eit aukande innslag av bedriftsøkonomiske styringsmodellar undergrave politisk styring og tilliten til faglegheita og kompetansen til dei tilsette.

Resultatet er at innverknaden dei tilsette har, og tilbodet til brukarane blir svekt.

■ Aukande flyt av arbeidskraft og tenester i kombinasjon med konkurranseutsetjing og privatisering fører til eit veksande låglønnsproblem. Det gjeld særleg innan tenestesektoren.

■ Pensjonsreforma og seinare endringar kan vise seg å gje ein total pensjon som ikkje sikrar ein pensjon å leve for dagens unge, uføretrygda, dei som mistar jobben i ei AFP-bedrift før fylte 62 år, og dei som må gje seg tidleg i arbeidslivet.

■ Fellesskapen, representert ved stat og kommune, møter krav om å levere fleire og betre velferdstenester utan at innbyggjarane skal betale meir over skattesetelen. Høgrekreftene utnyttar dette til å undergrave fellesskapsløysingane.

■ Raske teknologiske endringar gjev auka moglegheiter for velstand og ein forbetra arbeidssituasjon, men aukar samtidig risikoen for at fleire ikkje vil greie å ta del i arbeidslivet. Utfordringa blir å sikre relevant og god kompetanse i heile breidda av arbeidsstyrken.

■ Menneskeskapte klimaendringar er ei av dei store utfordringane i vår tid. Klimaendringar har alvorlege og negative følgjer for natur og naturmangfald. Tapet av naturmangfald truar livsgrunnlaget vårt. Klimagassutsleppa må reduserast kraftig lokalt og globalt, i tråd med måla i Parisavtalen.

■ Internasjonaliseringa av finansmarknadene, omfattande skatteplanlegging og kompliserte eigarstrukturar fører til at eigarskapen blir meir usynleg for dei tilsette, og at store overskot endar opp i skatteparadis. På denne måten unndreg storselskap seg ansvaret overfor fellesskapen og undergrev velferda.

■ Stadig meir ulikskap i fordelinga av makt og pengar bidreg til politisk polarisering og aukande oppslutning om høgrekstreme grupper. Dette truar med å undergrave det opne og demokratiske samfunnet og utgjer ein direkte trussel mot arbeidarrørsla og ideala våre.

For LO er det eit hovudmål å arbeide for ei utvikling som går i motsett retning: større tryggleik i arbeidslivet, jamnare fordeling, auka likestilling og ein sterkare fellesfinansiert velferdsstat. Eit godt arbeidsliv og arbeid til alle må vere det overordna målet for politikken.

Eit velorganisert arbeidsliv med høg organisasjonsgrad er den viktigaste premisen for eit samfunn prega av rettferdig fordeling, demokrati og økonomisk og politisk stabilitet. Endringane i arbeidsmarknaden kan over tid svekkje oppslutninga om det organiserte arbeidslivet og gjennom dette undergrave den norske modellen. Å rekruttere medlemmer er ei sentral oppgåve for LO-forbunda, men det er også eit felles politisk ansvar å leggje til rette for aukande organisasjonsgrad. Sterkare tilknytning til arbeidslivet for den enkelte arbeidstakar, vern om faglege rettar og styrking av rolla dei tillitsvalde har på arbeidsplassen, er verkemiddel som kan auke organisasjonsgraden. Økonomiske insentiv vil også spele ei rolle. LO har gjennom historia si vore drivar for utviklinga av det norske demokratiet og det norske velferdssamfunnet. Styrken vår gjennom tal, at vi er representative, og vilje og evne til å vise samfunnsansvar har gjeve oss betydeleg innverknad. Det er ein arv og eit ansvar vi skal byggje vidare på også i framtida.

2. Å lære

Korleis vi organiserer læring og kompetanseutvikling, er nøkkelmekanismar i samfunnet. Det dreier seg om utdanningsinstitusjonar og samspelet mellom jobb, privatliv, politikk og organisasjonar. Kunnskap til få gjev maktkonsentrasjon. Kunnskap til alle gjev fridom. LO har vore ein sentral pådrivar for den utdanningsrevolusjonen vi har sett dei siste 40–50 åra.

Lik rett til utdanning og livslang læring i heile landet er grunnleggjande for moglegheita den enkelte har til personleg utvikling og samfunnsdeltaking. Rett kompetanse og gode kunnskapar i alle ledd er eit viktig konkurransefortrinn for norsk næringsliv, og det sikrar kvalitet på produkt og tenester både i privat og offentleg sektor. Ei godt utdanna befolkning med god grunnkompetanse, irekna digitale ferdigheiter, er viktig for ein velferdsstat med små skilnader. Ein offentleg fellesskole som legg til rette for meistring, medråderett og utvikling av heile mennesket, er viktig for psykisk helse, for å motverke utanforskap og ulikskap og er ein berebjelke i den norske modellen. Fellesskolen er ein viktig arena for utvikling av samarbeidsferdigheiter og tillit. Læraren må få nok tid til elevane, og alle tilsette rundt elevane må ha gode moglegheiter til å utvikle kompetansen sin. LO vil motarbeide framveksten av kommersielle aktørar i barnehagane og i utdanningssystemet.

Skiljet mellom førstegangsutdanning, etter- og vidareutdanning og realkompetansebygging er blitt mindre tydeleg. Grunnopplæringa kan i større grad reknast som ei førebuing til den livslange læringa som startar for fullt i arbeidslivet. Fagskole-, universitets- og høgskolesektoren bør få ei større rolle i å tilby etter- og vidareutdanning tilpassa eit arbeidsliv i rask endring og ei meir mangfaldig befolkning. Overgangsmoglegheitene gjennom heile utdanningssystemet må styrkjast blant anna gjennom fleire Y-vegar. Dei ideelle studieforbunda er viktige for læringa til dei vaksne med både formelle og ikkje-formelle tilbod innan kulturfag, tradisjonshandverk og fag- og yrkesopplæring tilrettelagd for vaksne, irekna spesialtilpassa opplæring for innvandrarar og flyktningar.

LO vil ha eit utdanningssystem under demokratisk kontroll, som sikrar at den enkelte får realisert evnene og anlegga sine, og der alle får moglegheiter til læring uavhengig av bakgrunn. Utdanning skal vere eit offentleg ansvar, gratis og tilgjengeleg for alle: Alle må få reelle og likeverdige tilbod i heile utdanningsløpet, fråfallet i utdanningssystemet må førebyggjast, og alle ledda i karriererettleiinga må styrkjast. Noreg treng ei kompetansereform som motverkar ulikskap, og som sikrar alle reelle moglegheiter for livslang læring som kvalifiserer til eit arbeidsliv i endring. Praxis og erfaringsbasert lærdom må få sterkare plass i utdanningsløpet. Den yrkesfaglege utdanningsretninga må styrkjast frå fellesskolen til høgare yrkesfaglege utdanningstilbod.

LO vil

- arbeide mot privatisering og konkurranseutsetjing i utdanningssektoren i Noreg
- at alle skal ha gode vilkår for livslang læring og rett til etter- og vidareutdanning uavhengig av utdanningsnivå, sosial og økonomisk bakgrunn og innanfor økonomiske rammer som gjev den enkelte reell moglegheit til å delta
- at den yrkesfaglege utdanningsretninga, frå grunnskolen via vidaregåande til høgare yrkesfagleg utdanning, blir styrkt og anerkjend

2.1 Barnehage

Barnehagen er ein av grunnpilarane i den norske velferdsstaten. Barnehagetilbod til alle er viktig for å styrkje utviklinga og læringa hos barn og for å motverke sosiale skilnader. Deltaking er ikkje minst viktig for utviklinga av språkferdigheiter. Barnehagen skal vere ein arena for barn si utvikling som gjev trygge rammer. Det må vere nok tilsette med tverrfagleg kompetanse som legg til rette for den frie, spontane leiken, læring og sosialisering gjennom heile dagen. Bemanningsnorma må gjelde i heile opningstida. Mobbing må førebyggjast og stoppast.

LO er kritisk til at om lag halvparten av alle barnehageplassane er driven av private aktørar, og at marknadsandelen til dei store kommersielle barnehagekjedene har blitt stadig større. Dette svekkjer moglegheita til langsiktig politisk arbeid. Barnehagelova må endrast slik at kommunen kan tilpasse overkapasitet i barnehagesektoren etter lokale forhold og behov. Private barnehagar har betydeleg høgare driftsmargin enn samanliknbare bransjar. LO ønskjer at offentlege midlar berre skal gå til barnehagedrift og ikkje ende opp som overskot i kommersielle selskap. Private barnehagar skal ikkje få pensjonstilskot som overstig faktiske pensjonskostnader. Fleire barnehagar bør drivast i offentleg regi og av ideelle.

LO vil

- styrkje kvaliteten i barnehagane
- sikre låge prisar for alle gjennom redusert makspris
- at offentleg finansiering går til barnehagedrift og ikkje til privat profitt

2.2 Grunnskolen og SFO

Skolen skal vere inkluderande og bidra til utjamning og utvikling av sjølvstendige, kreative og reflekterte individ. Alle elevar skal bli sett og følgde opp ut frå dei føresetnadene dei har. Fellesskolen er ein viktig arena for å utvikle samarbeidsferdigheiter og tillit, og det er læraren og dei andre tilsette rundt elevane som er den viktigaste ressursen i skolen. Trygge økonomiske rammer er ein føresetnad for ein føreseieleg skolekvardag med langsiktig planlegging og nødvendig bemanning. For å sikre at grunnskolen skal vere ein skole for alle, er det viktig å sørge for tverrfagleg og sosialfagleg kompetanse. LO vil arbeide for ein heilskapleg skoledag, med gratis måltid, leksehjelp og fysisk aktivitet.

På vegen til ein heilskapleg skoledag er SFO/Aktivitetsskolen ein viktig del av kvardagen til mange barn og ein arena der læring skjer gjennom leik og sosialisering på premissane til barna. Det er behov for ei SFO-reform som styrkje kvaliteten og lovfestar retten til SFO. Den nasjonale rammeplanen for SFO må realiserast, og det må sikrast god nok bemanning til forsvarleg drift. SFO skal vere eit tilbod som blir drive i offentleg regi og som ein heilskapleg del av skoletilbodet. Foreldrebetalinga må reduserast, og SFO må på sikt bli gratis.

Grunnskolen må gje barn og unge eit tilbod tilpassa den enkelte eleven, slik at elevane får moglegheita til å utvikle evnene sine og potensialet sitt i tråd med sine eigne føresetnader. Det må gjevast rom for morsmålsopplæring for elevar med andre morsmål enn norsk, og urfolk og nasjonale minoritetar må varetakast gjennom eit godt opplæringstilbod i eige språk og eigen kultur. Barn med særskilde behov må ha tilstrekkelege ressursar både på skolen og i SFO-tida.

Skolen må på ein balansert måte førebu seg på og rette seg mot både det studieførebuande og yrkesfaglege i vidaregåande opplæring. Kreativ og praktisk kompetanse har ei viktig rolle i utviklinga til barna, og prioritering av denne er nødvendig for å fange opp alle elevgrupper. Kompetansen kjem også til å ha stor betydning for det framtidige arbeidslivet, næringslivet og samfunnslivet. LO vil derfor arbeide for å styrkje dei praktiske og estetiske faga.

Gjennom tidleg innsats, styrkt rådgjeving, alternative opplæringsløp og tett oppfølging på grunnskolenivå kan det kjempast mot fråfallet i vidaregåande opplæring. I tillegg må ikkje inntaket til vidaregåande skole vere reint karakterbasert.

LO vil

- at dei tilsette i skolen får auka fagleg fridom, blir mindre detaljstyrte, og at det blir gjeve tillit til utdanninga og kompetansen til dei tilsette
- arbeide for ein meir heilskapleg skoledag og ei styrking av SFO, slik at kvar elev får anledning til å utvikle alle sidene ved seg sjølv gjennom læring, leik og sosialisering
- at elevar, lærlingar og studentar skal få kunnskap om rettar og plikter i arbeidslivet, partssamarbeidet og organisasjonane og historia til arbeidslivet

2.3 Vidaregåande opplæring, fag- og yrkesopplæring

Vidaregåande opplæring med fag- og yrkesopplæring må sikre ein brei og relevant inngang både til arbeidsmarknaden og vidare studium som gjer det mogleg å møte teknologisk utvikling og ruste kvar enkelt for eit arbeidsliv i rask endring. Moglegheitene til å ta fagbrev må gjerast tilgjengeleg for fleire, også dei som har fullført vidaregåande opplæring. Samtidig som det blir lagt til rette for at fleire kan gjennomføre, må det sikrast at fagbrevet held eit høgt fagleg nivå. LO vil jobbe for auka kvalitet i opplæringa i bedrift og sikre rammevilkåra for prøvenemndsarbeid. Partane i arbeidslivet har eit særskilt ansvar for fag- og yrkesopplæringa. Samarbeidsrådet for yrkesopplæring (SRY) må sikrast stor innverknad på utviklinga i yrkesfaga. Dei faglege råda skal ha avgjerande innverknad på innhaldet i Vg3-læreplanane. Gjeldande modell for arealberekning i vidaregåande skole må reviderast, og yrkesfag må sikrast gode verkstadlokale og oppdatert utstyr.

Representantane for arbeidstakarorganisasjonane må få fullverdig styrerepresentasjon i styra til opplæringskontora. Dimensjoneringa i vidaregåande skole må i større grad ta omsyn til moglegheiter for å få læreplass og behova til arbeidslivet. Fylkeskommunen må systematisk rekruttere nye lærebedrifter i samarbeid med partane i arbeidslivet gjennom Yrkesopplæringsnemnda. Samfunnskontrakt for fleire læreplassar må ha ressursar nasjonalt og lokalt, og det må innførast krav om lærlingar i alle relevante offentlege anbod. Elevar og lærlingar må få same retten til elevvelferd og forbetra rådgjeving, som også motverkar kjønnsdelte utdanningsval. Fråværsgrænse vi har i vidaregåande opplæring i dag, må endrast eller fjernast. Det er også behov for meir praksisretta opplæring i programfaga.

LO vil

- at unge som vel fag- og yrkesopplæring, må få læreplass i privat og offentlig sektor
- at fleire får moglegheita til grunnleggjande fag- og yrkesopplæring, og at moglegheitene for etter- og vidareutdanning i eige lærefag og høgare yrkesfagleg utdanning blir styrkte. Fagbrev må gje tilleggsponng ved opptak til universitets- og høgskoleutdanning på linje med folkehøgskole og militærtjeneste.

- styrkje trepartssamarbeidet i fag- og yrkesopplæringa, særleg i dei nye regionane

2.4 Universitets- og høgskoleutdanning

Utdanning og forskning er grunnleggjande for vidareutvikling av demokrati og velferd. LO ønskjer likeverdig tilgang til høgare utdanning og at sosiale, geografiske og etniske skilnader og kjønnskilnader blir utjamna i rekrutteringa til høgare utdanning. Overordna styring og finansiering av utdanningssektoren skal vere eit offentleg ansvar. Universitets- og høgskoleutdanning må vareta både disiplin fag og profesjonsfag. Utdanningssystemet må ta omsyn til endringar i samfunnet, næringslivet og behovet offentleg sektor har for utdanning, forskning og utvikling. Profesjonsutdanningane må ha rammevilkår som sikrar forskingsbaserte, yrkesretta og praksisnære studium.

Mellombelse stillingar er eit stort problem i universitets- og høgskolesektoren og må reduserast. Vitskapeleg personell og tilsette ved institusjonane må gjevast gode arbeidsforhold med faste, heile stillingar. Hovudregelen må vere at vitskapelege stillingar er delte mellom undervisning, forskings- og utviklingsarbeid og formidling, slik at forskingsbasert undervisning blir sikra. Den individuelle forskingsretten må derfor styrkjast. Det faglege innhaldet i, kvaliteten, omfanget og lengda på universitets- og høgskoleutdanninga må samsvare med faglege vurderingar og behovet i samfunnet. Det er også viktig å sikre eit desentralisert studietilbod, og demokratiet ved universitet og høgskolar må styrkjast. Det er dei tilsette og studentane som bør velje leiinga.

LO vil

- arbeide for tettare samarbeid med arbeidslivet, styrkt arbeidslivsrelevans i høgare utdanning og meir praksis i studia
- arbeide for at tilsette ved institusjonane blir gjevne faste, heile stillingar
- at ein større andel av finansieringa av forskings- og utdanningsinstitusjonane må gjevast som basisløyvingar på kostnad av den resultatbaserte delen

2.5 Fagskole

Fagskolen har ei viktig rolle som sjølvstendig utdanningsveg og som tilbydar av etter- og vidareutdanningstilbod. Fagskolen bidreg til å gjere yrkesfaga meir anerkjende og må få ei særskild oppgåve med å utvide den digitale kompetansen hos fagarbeidarar. Overgangsordningane mellom Fagskolen og universitets- og høgskoleutdanningane må betrast. Ubalansen i finansieringa av fagskolane vi har i dag, er ikkje berekraftig for samfunnet, næringslivet og dei mange som skal velje sin yrkesveg.

LO vil

- at det skal utviklast fagskoletilbod på fleire område og i alle delar av landet, og at det samla tilbodet blir kraftig styrkt. Det må lagast ein opptrappingsplan for å få fleire studentar til fagskolane.
- at det blir laga ei opprykksordning til statlege faghøgskolar etter fastsette kriterium
- at høgare yrkesfagleg utdanning blir verdsett høgare i nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk, og at det blir opna for utvikling av yrkesbachelor og yrkesmaster

2.6 Elev-, lærling- og studentvelferd

Gode bu- og læreforhold vil bidra til at fleire unge og vaksne vil kunne gjennomføre og bestå den valde utdanninga si. Studiefinansieringa må sikre lik rett til utdanning og byggje opp om heiltidsstudenten. Eit godt læringsutbytte krev eit heilskapleg og inkluderande læringsmiljø som tek omsyn til faglege, sosiale og velferdsmessige forhold. Den primære velferda til studentane, inkludert eit trygt bumiljø, gode helse- og rådgjevingstenester, sunn mat og eit tilpassa barnehagetilbod, er det studentsamskipnadene som skal vareta. Det offentlege må følgjeleg ha ein offensiv politikk for utbygging av studentbustader i regi av studentsamskipnadene.

LO vil

- sikre likestilte tilbod innan elevvelferd mellom elevar, lære kandidatlar og lærlingar, slik som digitalt elev- og lærlingbevis
- arbeide for ei offensiv sosial bustadbygging som sikrar at studentane kan leige rimeleg i studietida
- at studiefinansieringa blir knytt til grunnbeløpet i folketrygda og auka til 2 G

2.7 Læring i arbeidslivet

Heile arbeidslivet er, og skal framleis vere, prega av kunnskapsarbeidsplassar. Vi må motverke tendensane til eit meir todelt arbeidsliv. Formaliserte krav til fagutdanning for yrkesutøving bør vurderast i fleire fagområde for å bidra til kvalitet i tenester og produkt og seriøsitet i arbeidslivet. Alle arbeidstakarar må få tilbod om kompetanseutvikling, irekna eit godt desentralisert utdanningstilbod tett på den regionale og lokale arbeidsmarknaden. Kontakten mellom arbeidsliv og utdanningsinstitusjonar må styrkjast.

Både offentlege og private verksemdar er prega av store omstillingar knytte til arbeidsmetodar, digitalisering og offentlege reformer. Skal verksemdene greie dei nødvendige omstillingane og dei tilsette unngå utstøying frå arbeidslivet, må dei sikrast kompetanseutvikling. Tilsette med kort formell utdanning er særleg utsette og må gjevast kompetanseutvikling på arbeidsplassen og betre vilkår for etter- og vidareutdanning. Vi må unngå eit digitalt klasseskilje. Det må leggjast betre til rette for at utdanningsinstitusjonane skal kunne tilby god etter- og vidareutdanning. Fagutdanning må bli ein meir attraktiv karriereveg, og vaksne skal kunne avleggje fagprøve, samtidig som vi må unngå å senke nivået på fagbrevet. «Fagbrev på jobb» må styrkjast. Arbeidslivet er prega av høge krav til kompetanse, auka etterspurnad etter spesialisert utdanning, doble fagbrev og tverrfagleg kompetanse.

Kvalifikasjonsrammeverket må utviklast til å omfatte både formelle og ikkje-formelle kvalifikasjonar og for å fremje livslang læring. Det skal vere mogleg å nå eit høgare nivå i kvalifikasjonsrammeverket gjennom livslang læring. Styrkte karrierevegar for fagarbeidarar er også eit verkemiddel for likestilling, integrering og sosial utjamning. Godt samarbeid og medverknad på arbeidsplassane fremjar gode vilkår for læring i arbeidslivet.

Kompetanseføresegner i avtaleverka må følgjast betre opp og finansieringsordningar styrkjast. Dei tillitsvalde er nøkkelpersonar i arbeidet verksemdene gjer med kompetanse. LO og forbunda må bidra til eit konstruktivt og målretta samarbeid med utdanningsinstitusjonane for å sikre relevant kompetansetilgang og for å sikre kompetanse i eit framtidig digitalisert arbeidsliv. I lys av dette må ordninga med realkompetansevurdering vidareutviklast og takast meir i bruk, moglegheitene til å få

godkjend utanlandsk utdanning må bli betre, og kunnskapsgrunnlaget for læring i arbeidslivet må styrkjast.

LO vil

- at realkompetanse opparbeidd i arbeidslivet skal kunne dokumenterast og sidestillast med tilsvarande formell kompetanse frå det offentlege skoleverket
- arbeide for ein langtidsplan for livslang læring og rett til etter- og vidareutdanning utan tap av inntekt
- vidareutvikle bransjetilpassa kompetanseprogram og avtalefesta ordningar for kompetanse og få på plass utdanningsfond gjennom trepartssamarbeid

3. Å skape

Høg verdiskaping dannar grunnlaget for privat velstand så vel som offentleg velferd og skaffar norske arbeidstakarar tilgang til jobbar av høg kvalitet. Opp gjennom historia er dette sikra gjennom å byggje opp kunnskap og kapital, effektive samfunnsinstitusjonar og eit velorganisert arbeids- og næringsliv der arbeidstakarane har medverknad i verksemdene. Privat og offentleg sektor er gjensidig avhengige av kvarandre. Ein sterk offentleg sektor legg grunnlaget for verdiskaping i bedriftene, mens effektiv verdiskaping i privat sektor legg grunnlaget for velferdsstaten. Ein open utanriksøkonomi sikrar tilgang til større marknader, og ein brei fellesfinansiert offentleg sektor bidreg til høg omstillingsevne, gjer økonomien meir føreseieleg og gjev han stabilitet.

Den norske samarbeidsmodellen har brei tilslutning blant partane i arbeidslivet, myndigheitene og sentrale forskingsmiljø og må leggje grunnlaget for norsk økonomisk politikk og norsk arbeidslivspolitikkk framover. Historia har vist oss at også staten har ei rolle som utviklar og eigar i næringslivet. For at vi skal greie omstillinga til eit klimavennleg næringsliv, er det nødvendig at staten tek på seg eit ansvar ut over den tilretteleggjarrolla staten har hatt dei siste åra.

3.1 Økonomisk styring

Dersom Noreg også i framtida skal halde ved lag eit høgt inntektsnivå og høg levestandard, helsefremjande arbeidsplassar med høg læring og ein sterk velferdsstat, krev det eit vellykka samspel mellom privat og offentleg sektor, mellom sentrale politikkområde og mellom partane i arbeidslivet. Som oppdragsgjevar må offentleg sektor innrette anskaffingspraksisen sin slik at han bidreg til å fremje klima- og arbeidslivsvennlege løysingar.

Det er viktig med ein solid og godt regulert finanssektor som er ein aktiv samarbeidspartnar med norske verksemdar både på nasjonalt og regionalt plan og i tider med både høg og låg økonomisk vekst. Noreg må arbeide for eit internasjonalt rammeverk som hindrar skatteflukt og skattetilpassingar over landegrensene.

LO vil

- bidra til god makroøkonomisk styring og ein aktiv arbeidsmarknadspolitikkk
- bidra til ei koordinert lønnsdanning som sikrar høg sysselsetjing og låg arbeidsløyse
- arbeide for ein aktiv stat som sikrar samfunnsstyring, rettferdig klimaomstilling, velferdsutvikling, offentleg eigarskap over naturressursane våre og ein aktiv næringspolitikk

3.2 Partssamarbeid og kompetanse

Samarbeid mellom partane i arbeidslivet og myndigheitene er sentralt i den norske modellen. Like viktig er samspelet mellom leiinga og dei tilsette ute i verksemdene. Ein høg organisasjonsgrad både på arbeidstakar- og arbeidsgjevarsida er eit viktig konkurransefortrinn for norsk næringsliv. Gode samarbeidsrelasjonar og aktiv medverknad og involvering frå dei tilsette bidreg til innovasjons- og omstillingsevne. Høgt utdanningsnivå og sjølvstendige arbeidstakarar med høg kompetanse er eit norsk

konkurransefortrinn. Eit arbeidsliv med respekt for formell utdanning så vel som erfaringsbasert kompetanse stimulerer til utvikling og innovasjon.

På nasjonalt nivå vil det vere viktig med eit styrkt samarbeid mellom partane i arbeidslivet og myndighetene med tanke på overordna økonomisk politikk, sysselsetjing, auka organisasjonsgrad, næringsutvikling, inkluderande arbeidsliv, forskning og utvikling og ein framtidsretta arbeidsmarknads- og kompetansepolitikk.

LO vil

- auke forståinga for langsiktige og trygge arbeidsforhold som ein føresetnad for eit godt organisert arbeidsliv
- styrkje medverknad, involvering og samarbeid mellom tilsette, tillitsvalde, verneombod og leing i verksemdene for å støtte innovasjon, verdiskaping, produktivitetsvekst og eit godt og inkluderande arbeidsliv
- arbeide for at bedriftene blir pålagde å leggje til rette for at det blir valt styremedlemmer av og blant alle tilsette

3.3 Ein aktiv arbeidsmarknads- og kompetansepolitikk

Dei nordiske landa har lykkast betre enn dei fleste andre med å forvalte dei menneskelege ressursane. Inkluderingsutfordringa er likevel aukande. Særleg utsette grupper har fått det meir krevjande på arbeidsmarknaden. Med auka flyt av arbeidskraft over landegrensene får ikkje utsette grupper den same draghjelpa inn i arbeidslivet under høgkonjunktur.

Personar som står langt unna arbeidsmarknaden, er særleg avhengige av kontinuitet i tenestetilbodet. Ressursar NAV har til oppfølging av brukarar, må styrkjast, særleg for å leggje til rette for god avklaring av personar på arbeidsavklaringspengar. Arbeidsmarknadstiltaka må vere av høg kvalitet, ikkje vere konkurranseutsette eller vere i regi av kommersielle aktørar. Misbruk av arbeidsmarknadstiltaka må unngåast, og tiltaka må ikkje fortrenge ordinære tilsetjingar. Vidare må talet på tiltaksplassar aukast, særleg må ein prioritere arbeidsførebuande trening som ikkje er konkurranseutsett. Ordninga med arbeidsavklaringspengar (AAP) må styrkjast slik at alle beheld stønaden fram til ei reell avklaring er gjennomført. Det må også opnast opp for at fleire kan få omskolering som tiltak under arbeidsavklaring.

LO vil

- arbeide for ein meir aktiv og målretta arbeidsmarknadspolitik med meir vekt på kompetanse. Fleire må få styrkt grunnleggjande ferdigheiter, moglegheiter til omskolering og anledning til å fullføre vidaregåande opplæring.
- halde ved lag og forbetre dagpengeordningane for arbeidsledige og permitterte
- at alle under 30 år blir sikra arbeid, utdanning eller kompetanseheving

3.4 Ein open økonomi

Situasjonen i landa rundt oss viser kva for ei enorm utfordring det er å skape verdier. Låg sysselsetjingsgrad, stagnerande verdiskaping og høg gjeld skaper problem for mange europeiske land. Dei vegvala vi har teke i Noreg, har gjort oss betre rusta for framtida, men utviklinga i Europa byr også oss på krevjande utfordringar. Økonomien vår er sterkt eksportretta, særleg mot den europeiske marknaden, og avhengig av internasjonale rammevilkår.

LO meiner at hardt tilkjempa rettar og standardar skal leggjast til grunn når det blir forhandla om nye handelsavtalar, og krev openheit rundt slike avtalar. Rettane og medråderetten til arbeidstakarane, irekna retten til tariffavtalar, må varetakast og vernast om. Dei høge standardane i Noreg knytte til blant anna sosiale rettar, helse, klima, miljø og trygg matvaretilgang må behaldast. Slike avtalar må ikkje innehalde klausular som bind opp framtidige regjeringar. Avtalane må heller ikkje innehalde aksept for at investorar skal få eigne tvistesystem der dei kan krevje erstatning for moglege konsekvensar av demokratiske vedtak i enkeltland.

LO vil

- bidra til å styrkje den norske konkurransevna gjennom koordinert lønnsdanning og god makroøkonomisk styring
- bidra til å utvikle internasjonale handelsavtalar som sikrar like konkurransevilkår globalt, styrkjer arbeidstakarrettar, menneskerettar, forbrukarrettar, klima og miljø og samtidig sikrar det nasjonale handlingsrommet knytt til kontroll og styring med offentlege tenester og investeringar
- krevje full openheit rundt forhandlingane og at det frå norsk side ikkje blir opna for utanlandske tilbydarar i dei offentlege tenestene våre i internasjonale handelsavtalar

3.5 EU og EØS

Dei europeiske nabolanda våre og EU er dei viktigaste samarbeidspartnarane for Noreg både økonomisk og politisk og utgjer samtidig den største eksportmarknaden vår. Eit føreseieleg og gjensidig samarbeid er nødvendig for å sikre Noreg tilgang til den indre marknaden i EU og rammevilkår som er likeverdige med det som dei andre EU- og EØS-landa har. EØS-avtalen har sidan inngåinga vareteke interessene til Noreg på dette området. I ei tid med veksande internasjonal uro, pandemi, naturkatastrofar, behov for å forhindre klimakriser, skatteflukt og handelskrig på fleire frontar blir internasjonalt samarbeid og regelverk stadig viktigare. EØS-avtalen er derfor grunnlaget for LOs faglege europapolitikk.

LO meiner at den sosiale dimensjonen i den indre marknaden må styrkjast. Å hindre sosial dumping må vere høgt prioritert. Utviklinga har gått i motsett retning, og nasjonal lønnsdanning, kollektive forhandlingar og grunnleggjande arbeidstakarrettar er under press i fleire europeiske land. Norske myndigheiter må derfor sørgje for ein grundig gjennomgang av avtalen for å sikre den norske arbeidslivsmodellen.

LO krev ein aktiv norsk europapolitikk som har som mål å sikre både den beste marknadstilgangen til Europa og det beste arbeidslivet i Europa. Noreg må bruke handlingsrommet i EØS-avtalen både for å påverke utforminga av nytt regelverk og ved gjennomføring i norsk rett. Politiske myndigheiter må gjennom kunnskap, ei slagkraftig og kompetent forvaltning og samarbeid med fagrørsla sikre at norske interesser blir varetekne. Det vil vere påkrav med tidleg innsats i dei politiske prosessane for å få gjennomslag. Dialog med partane i arbeidslivet i samband med innføring og forvaltning av EU-lovgjeving i norsk rett er avgjerande. Reservasjonsmoglegheita må brukast dersom EU-reglar innskrenkar nasjonale verkemiddel mot sosial dumping og reduserer faglege rettar og velferdsordningar.

At Storbritannia melde seg ut av EU, kan få store konsekvensar for både EU og Noreg. Samarbeidet og handelen Noreg har med Storbritannia, må derfor sikrast gjennom nye

avtalar. LO forventar at norske myndigheiter greier ut og utnyttar dei nye moglegheitene som kan oppstå ved den nye stillinga Storbritannia har overfor EØS-avtalen.

LO vil

- krevje at det blir gjennomført ei offentleg utgreiing som viser kva for alternativ vi har til EØS-avtalen vi har i dag, som samtidig vil sikre bedriftene våre ein full og føreseieleg marknadstilgang til Europa
- krevje at norske myndigheiter går imot avgrensingar i retten til kollektive kampmidlar, det kollektive forhandlingssystemet og retten til nasjonal lønnsdanning
- krevje at kjernekonvensjonane til ILO blir tekne inn i menneskerettslova og ved konflikt går framfor anna lovgjeving, også lover med tilsvarande forrangsføresegner. Norske tariffavtalar og norsk arbeidslivslovgjeving må få forrang framfor EU-reglane. Det må i tillegg startast på eit arbeid for å sikre at kjernekonvensjonane til ILO kjem inn i Grunnlova.

3.6 Forsking og utvikling

Forsking og utvikling er sentrale for å halde ved lag og vidareutvikle demokrati, gode velferdstenester, eit konkurransedyktig næringsliv, berekraftig utvikling, sysselsetjing og framtidig verdiskaping. Staten må sikre langsiktige investeringar i forskning som vil komme heile samfunnet til gode.

Finansieringa må støtte opp under den frie forskinga for å sikre ubunden utvikling av ny kunnskap. Den akademiske fridommen må varetakast både på universiteta, høgskolane og i instituttsektoren. Næringsretta forskning og samspel mellom universitet, høgskolar og bedrifter må også prioriterast og er heilt avgjerande for å sikre innovasjon, teknologiutvikling og konkurransekraft. Dei beste langsiktige resultatata blir skapte gjennom gode vekselverknader mellom grunnforskning og bruksretta forskning. I samband med dette må styrken som ligg i auka arbeidstakarmedverknad og bedriftsdemokrati, utnyttast betre.

LO vil

- sikre at overordna styring og finansiering av utdannings- og forskingssektoren skal vere eit offentleg ansvar
- arbeide for at Noregs samla forskings- og utviklingsinnsats får eit betydeleg økonomisk løft
- styrkje samfunns-, velferds- og arbeidslivsforskinga og forskning på og utvikling av norsk industri

3.7 Lågutsleppssamfunnet

Klimaendringane er den store utfordringa i vår tid. Vi ser allereie følgjer av klimaendringar for både natur, samfunnsstruktur, helse og velferd. Det er heilt nødvendig å redusere utsleppa av klimagassar kraftig. Her må alle land bidra til både nasjonale og globale utsleppskutt for å avgrense den globale oppvarminga i tråd med Parisavtalen. Målet vårt er at Noreg skal vere eit lågutsleppssamfunn i 2050. Vi støttar EUs foreslåtte mål om 55 prosent utsleppsreduksjon innan 2030.

Klimaendringar har alvorlege og negative følgjer for natur og naturmangfald. Tap av naturmangfald truar livsgrunnlaget vårt. Føre-var-prinsippet, ei kunnskapsbasert tilnærming og berekraftsmåla til FN må leggjast til grunn for miljø- og klimapolitikken.

Nasjonale klimatiltak må ha effekt globalt. Både privat og offentlig sektor må innrettast slik at vi kan halde ved lag høg produksjon og verdiskaping, der produksjonen er berekraftig og blir dreidd mot karbonnøytralitet. Vi må bort frå bruk-og-kast-samfunnet; framtidige løysingar må vere sirkulære.

Noreg har både kompetanse, ressursar og teknologi til å lykkast i det grønne skiftet. Dei framtidige jobbane våre blir skapte med utgangspunkt i eksisterande jobbar. Vi må skape nye, anstendige og gode jobbar, samtidig som arbeidsplassane som er i dag, blir trygde og utvikla. Myndigheitene må ta ei aktiv rolle i det grønne skiftet og leggje til rette for innovasjon og næringsutvikling. Skatte- og avgiftssystemet skal bidra til at det blir lønnsamt å velje løysingar som er miljø- og energivennelege. Partane i arbeidslivet må involverast breitt for å sikre at overgangen til lågutsleppssamfunnet blir rettferdig og ikkje bidreg til aukande skilnader.

Noreg må halde fram med å bidra til at fattige land kan gjennomføre utsleppskutt og klimatilpassing.

LO vil

- arbeide for at overgangen til lågutsleppssamfunnet er rettferdig, varetek arbeidstakarar og sikrar gode, anstendige jobbar
- arbeide for ei sterk satsing på fangst, transport og lagring eller industriell bruk av CO₂ i Noreg
- gå inn for å styrkje rolla staten har i å hjelpe fram ny, klimavenleg teknologi, produksjon og fornybar energiproduksjon

3.8 Ein aktiv næringspolitikk

Noreg må føre ein industri- og næringspolitikk som tek heile landet i bruk. Dette legg grunnlaget for velferdsstaten og bidreg til mindre skilnader. Alle næringar skal ha moglegheita til å vekse fram i Noreg, men næringsnøytrale rammevilkår aleine kan ikkje vere grunnlaget for norsk næringspolitikk. I ei verd der stadig fleire varer og tenester er utsette for global konkurranse, må vi satse på næringar der Noreg har særlege fortrinn – dei næringsområda der vi har leiande posisjonar internasjonalt, og der vi har sterke klyngjer med kunnskap og kompetanse i alle ledd i verdikjeda. LO vil arbeide for å sikre at viktig kompetanse blir i Noreg, og at norsk næringsliv, privat eller statleg eigd, har rammevilkår som gjer det attraktivt å utvikle seg vidare her.

I eit høgkostland som Noreg er det berre dei mest kunnskapsbaserte, produktive og berekraftige produksjonsmiljøa som vil greie å overleve. Klare politiske prioriteringar må liggje til grunn for ein næringspolitikk som gjev mål og retning for utviklinga av det kompetansegrunnlaget vi skal leve av i framtida. Verkemiddel og institusjonar må innrettast for å skape berekraftig vekst og velstand. Skal Noreg lykkast, må produksjonsmiljøa våre vere teknologisk leiande, berekraftige og kommersielt i stand til å takle den aukande globale konkurransen innanfor og på tvers av næringsklyngjer. Regjeringa fjerna omstillingslova i 2019. LO vil på ny innføre eit verkemiddel som kan motverke nedlegging eller utflytting av lønnsame og levedyktige verksemder.

Skal vi nå måla våre om å kutte utslepp og styrkje andelen industrien står for av verdiskaping og eksportinntekter, må aktiv næringspolitikk kombinerast med offensive finansielle verkemiddel. Dei fleste fornybare industrimoglegheiter krev store, risikofylte investeringar som norsk privat kapital ikkje vil kunne meistre på eiga hand. Her bør statlege

investerings- og eigarskapsinstrument brukast som eit strategisk verkemiddel i ei oppbygging av ny industri. Styrking av eksisterande og utgreiing og etablering av nye slike investerings- og eigarskapsinstrument bør skje i samråd med fagrørsla og industrien. Tilgangen til slik industrielt retta kapital er avgjerande for å sikre norsk industri framtidig klimavennleg vekst og sysselsetjing, samtidig som at fellesskapen får sin del av den framtidige vinsten ved investeringar som er mogleggjorde av bidraget frå staten til grøn omstilling. Slik skaper vi ein offensiv nærings-, klima- og velferdspolitikkk for framtida.

Store delar av transportsektoren, produksjonsverksemda og byggjenæringa er utsette for konkurranse frå lågkostland. Styrken vår ligg i kvalitet, kompetanse, produktivitet og innovasjon. Målet er å halde ved lag og utvikle tenester og industri som skaper og tryggjer arbeidsplassar lokalt og nasjonalt. Grunnlaget for innovasjon og dei nye arbeidsplassane blir skapte i og i tilknytning til eksisterande bedrifter. Verkemiddelapparatet må støtte opp om desse næringane og bedriftene. Nordområda vil vere det viktigaste strategiske satsingsområdet for Noreg i åra som kjem, som gjev moglegheiter og utfordringar knytte til forvaltning, miljø, næringsinteresser og tryggingpolitikkk. Noreg har eit stort ansvar for berekraftig ressurs- og miljøforvaltning og for å handheve norsk lovgjeving og suverenitet i nord.

LO vil

- satse på næringar der vi har komparative fortrinn og har kompetanse i heile verdikjeda
- at politikken og verkemiddelapparatet blir innretta for å støtte opp under ein berekraftig industriell produksjon i Noreg
- arbeide for ei aktiv næringspolitisk satsing i nordområda

3.9 Produksjon

Tilgangen Noreg har på råvarer og fornybare ressursar, må utnyttast for å skape verdiar og sysselsetjing over heile landet. Vi må utnytte kompetansen vår i alle ledd i verdikjeda til industriell foredling av råvarer som olje, gass, vatn, vind, mineral, skog, fisk og landbruksprodukt i Noreg. Avgifter bør utformast på ein måte som tek omsyn til bevaring av handel, produksjon og arbeidsplassar her til lands. Noreg må i større grad blir sjølvforsynt blant anna av matvarer, medisinar og beredskapsmateriell.

Industrien står for store delar av eksportinntektene våre og bidreg til sysselsetjing og ringverknader i heile landet. LO meiner at stabile og konkurransedyktige rammevilkår er føresetnader for å styrkje delen til industrien av verdiskapinga og leggje til rette for auka industriell produksjon i Noreg.

Rikeleg tilgang på fornybar energi er avgjerande for ei nødvendig grøn omstilling. Det må også sikrast tilstrekkeleg straum til forbrukarar og industri til føreseielege og konkurransedyktige prisar. Dette føreset rammevilkår som sikrar investeringar i ny fornybar kraftproduksjon, opprusting av eksisterande produksjonsanlegg og energieffektivisering. LO vil arbeide for å sikre sterk politisk styring og kontroll med utviklinga av det norske kraftsystemet. Kryptovaluta bør ikkje få avgiftsreduksjonar eller fritak.

Det må satsast på ei berekraftig reise- og turistnæring. Ei reiselivsnæring med høg kvalitet og innovasjonskraft er viktig for å halde ved lag regional verdiskaping. Dette føreset at bransjen i større grad greier å utvikle stabile og attraktive arbeidsplassar med anstendige lønns- og arbeidsvilkår gjennom å satse på kompetanse i hele verdikjeda.

Betydninga varehandelen har for sysselsetjinga, velferda og samfunnet, er stor og må tydeleggjerast. Ein heilskapleg næringspolitikk for bygg- og anleggssektoren vil stimulere desse bedriftene til å investere i teknologisk og organisatorisk utvikling. Årleg tilvekst av biomasse i norske skogar er betydeleg og har eit stort industrielt potensial som bør utnyttast langt betre enn i dag.

LO meiner det må arbeidast for å fremje ein heilskapleg klima- og miljøvennleg matproduksjon som sikrar arbeidsplassar i industrien og primærproduksjonane i heile landet. Maktkonsentrasjon og monopoldanningar i matvarebransjen utfordrar dette målet. For å sikre kjerneproduksjonen av norske landbruksbaserte matvarer er det nødvendig å utnytte handlingsrommet i WTO og andre internasjonale avtalar. Marin sektor vil vere ein av dei viktigaste bidragsytarane til å skaffe verda mat. Det er eit stort vekstpotensial i å vidareutvikle denne verdikjeda i Noreg.

Potensialet for auka verdiskaping i sjømatsektoren ligg i auka foredling og berekraftig produksjon i Noreg. Lov- og avtaleverket og internasjonale avtalar er ein reiskap som myndigheitene må ta i bruk for å oppnå dette. Politikken må utformast i eit heilskapleg verdikjedeperspektiv for å auke verdiskapinga i Noreg. Auka foredling gjev også auka moglegheit for å utnytte biprodukt og gjennom det få til ytterlegare verdiauke. Meir heilårleg råstofftilgang til norsk fiskeindustri er avgjerande. Regulering av fisket, ferskfiskordning og levandelagring kan bidra til å utjamne sesongane. Kvotetrekk på fiskefangstar som blir eksporterte uforedla, bør greiast ut og setjast i verk.

Viljen til å ta ressursane i bruk, både på land og i havet, har kjenneteikna den norske arbeidarrørsla i næringspolitikken. Ønsket om å avdekkje mineralførekomst, forvalte fiskeressursane våre og utvikle ei berekraftig havbruksnæring og petroleumsnæring har hatt brei oppslutning. Denne ambisjonen har også kjenneteikna utviklinga av rammevilkår, regelverk og lovgeving. Behovet for langsiktige investeringar krev at rammevilkåra for næringane må vere føreseielege og stabile. Petroleumsnæringa må utviklast med omsyn til arbeidsplassar, klimamålsetjingar og behova til dei viktigaste handelspartnarane våre. Arealtilgangen skal styrast slik at omsynet til fornybare næringar, klima og miljø veg tungt. Utvinninga av mineralførekomst og skogressursar er viktig i det grøne skiftet, og ein aktiv industripolitikk er avgjerande for at drivverdige mineral og energiressursar kan utviklast og setjast i produksjon. LO meiner det må leggjast stor vekt på dei heilskapelege forvaltningsplanane som balanserer interessene næringane har, mot andre omsyn. Løyve til ny verksemd skal vere basert på eit føre-var-prinsipp og strenge krav til helse, miljø og tryggleik. Den tryggingpolitiske situasjonen i Europa har store konsekvensar for energileveransane. Rolla Noreg har som energileverandør til våre allierte og handelspartnarar, har såleis ei stor og viktig betydning. LO meiner dei ressursane som kan byggjast ut, må vere økonomisk og klimamessig berekraftige. Det vil medføre at delar av ressursane på norsk sokkel vil ligge urørte.

LO vil

- utvikle nye og vareta eksisterande framtidsretta arbeidsplassar med høg kompetanse gjennom heile verdikjeda på norske vilkår
- arbeide for auka vidareforedling av norske naturressursar
- at norsk energiproduksjon og -bruk skal baserast på energikjelder i tråd med ei berekraftig utvikling i eit globalt perspektiv

3.10 Statleg eigarskap

Statleg eigarskap sikrar langsiktig og demokratisk forankra styring av sektorar som er sentrale for samfunnet. Det er særleg viktig at selskap som forvaltar naturressursar, sentral infrastruktur, viktige system eller sentrale tenester for beredskapen, er eigde og styrte av fellesskapen. Strategisk viktige bedrifter må ha ei sterk forankring i Noreg.

Ein sterk statleg eigarskap er viktig for å behalde hovudkontor i Noreg. Det bidreg til norskbasert verksemd og eit nasjonalt eigarskapsmiljø. Statleg eigarskap gjev Noreg eit konkurransefortrinn og auka fleksibilitet.

LO vil

- at hovudkontora i strategisk viktige bedrifter held seg i Noreg, og at statlege selskap som forvaltar eigarskapen til viktige naturressursar og infrastruktur, held fram med å vere 100 prosent statleg eigde
- at staten som ein sterk eigar også utøver ein aktiv eigarskap i dei selskapa han har eigarandelar i
- at den statlege eigarskapsforvaltninga må vidareutviklast gjennom etablering av ein ny eigarskapsmodell for å sikre nasjonal forankring av eigarskapen i selskap av nasjonal betydning

3.11 Infrastruktur

Effektive og trygge transportløysingar er ein føresetnad for å skape næringsutvikling både i distrikta og i sentrale strøk. Transportsystemet har svært mykje å seie for konkurransekrafta til næringslivet, og satsinga framover må innehalde ei auka prioritering av transportkorridorar mellom landsdelar og regionar og ut av landet. Vedlikehald av veg og bane, irekna fjellovergangar som ofte blir stengde, må prioriterast. Ei forsterka satsing på jernbanen og hamner er nødvendig for å få meir gods over frå veg til sjø og bane. Det må også vidareutviklast hurtiggåande persontransport på bane mellom dei store byane.

Omsynet til miljø og klima, spreidd busetjing og behovet befolkninga har for transporttenester, tilseier ei satsing på kollektivtransport over heile landet. Særleg i pressområda vil befolkningsveksten krevje at transportveksten i hovudsak skjer kollektivt. Kollektivtransporten er eit velferdsgode som blir tilbydd og finansiert gjennom fellesskapen, og må organiserast slik at pengane som blir brukte, kjem dei reisande til gode. LO vil derfor arbeide for at unntaksføresegna i kollektivtransportforordninga kjem i bruk.

Energi- og kraftforsyninga skal leggje til rette for verdiskaping, sysselsetting og busetjing i heile landet. Vi blir stadig meir avhengige av ei sikker energiforsyning og eit godt utbygd tele- og datanett. Det er behov for å ruste opp vass- og avløpsinfrastrukturen for å ta igjen etterslep og for å tole auka bruk som følgje av befolkningsutvikling, høgare levestandard og klimaendringar.

Data og informasjon er den nye forma for kapital i vår tid. Ei vellykka digitalisering føreset at dei tilsette og organisasjonane deira blir sikra medråderett ved planlegging, utvikling og implementering av nye løysingar. LO krev at det blir oppretta ei nasjonal statleg skyteneste for offentlege verksemdar.

LO vil

- arbeide for ei opprusting og modernisering av kraftverk og linjenett som gjev ei prisutjamning mellom regionane
- arbeide for at transportsystemet blir sett i stand til å takle veksten i transport på ein berekraftig måte, og for at transportpolitikken legg til rette for utvikling av trygge og gode arbeidsplassar med vekt på kvalitet og kompetanse
- at digitale fellesskapsløysingar skal vere underlagde demokratisk styring og kontroll

3.12 Kulturen, idretten og media

Eit aktivt og mangfaldig kunst- og kulturliv er viktig for å gje livet eit rikare og meir fullverdig innhald og bidreg til verdiskaping, kompetanse, læring, helse og toleranse. Alle skal ha tilgang til kunstopplevingar og moglegheit for å delta i kulturlivet. Dette blir best sikra gjennom gratis tilgang for barn og unge, offentleg finansiering og gode og føreseielege støtteordningar.

For å sikre at særleg barn og unge får delta i kulturlivet, må kulturskolen styrkjast, og det må fastsetjast ei eiga forskrift til opplæringslova som regulerer krav til fagleg nivå, kapasitet og eigenbetaling. Skolen har ei viktig rolle som formidlar av kunnskap, ferdigheiter og verdiar knytte til kunst og kultur. Kulturell kompetanse kjem til å ha svært mykje å seie for det framtidige arbeidslivet, næringslivet og samfunnslivet. LO vil derfor arbeide for å auke kompetansen til skoleverket innanfor estetikk, kunst og kultur. Den kulturelle skolesekken er ein viktig formidlar av kunst og kultur som gjev barn og unge tilgang til kunstopplevingar av høg kvalitet. Derfor er det viktig med gode økonomiske føresetnader for opplevingane som kulturarbeidarar over heile landet skaper. Biblioteka i kommunane må vidareutviklast som synlege og sentrale kunnskaps- og kulturinstitusjonar i lokalsamfunnet og ein naturleg møteplass for folkeopplysning og kulturopplevingar. Det må finnast gratis bibliotektilbod i alle kommunar.

LO ønskjer ei systematisk satsing på kultur som næring og vil arbeide for betre levekår for kunstnarar og kulturarbeidarar og for robuste kunst- og kulturellerarbeidsplassar. Vi treng sterke statlege institusjonar som sikrar eit tilbod av høg kunstnarisk kvalitet og stabile arbeidsplassar over heile landet, og som kan vere eit samlingspunkt for den frie kulturen. Opphavsretten må styrkjast slik at inntektene til dei skapande og utøvande kunstnarane blir sikra.

Historia til fag- og arbeidarrørsla er ein viktig del av den nyare norske historia og ein del av grunnlaget for den norske velferdsstaten. Denne delen av den norske historia må få ein større plass. Det må sikrast støtteordningar for forskning og utvikling av historia til fag- og arbeidarrørsla, og historia må få ein større plass i lære- og studieplanar og som ein tilgjengeleg del av tillitsvaldopplæringa.

LO vil arbeide for likestilling mellom nynorsk og bokmål. Dette inneber at alle skal kunne bruke målforma si i arbeidslivet, at det blir god opplæring i begge målformene i skolen, og at mållova blir følgd i praksis. Nynorsk må også ha ein naturleg plass i dei skriftlege framstillingane til LO og forbunda. Fysisk aktivitet og idrett gjev helse og trivsel. LO vil styrkje bedriftsidretten og bidra til å leggje til rette for fysisk aktivitet i tilknytning til arbeidsplassen.

Det er eit offentleg ansvar å sikre eit sterkt mediemangfald. Pressestøtta må styrkjast for å nå dette målet. Dei redaktørstyrte media er sentrale i eit velfungerande demokrati,

gjennom nyheitsformidling og den offentlege samtalen. Den veksande dominansen til globale digitale sosiale nettverk gjev store utfordringar. Konkurranseregulering, regulering av innsamling og bruk av private data og skatteregime må oppdaterast for å auke den demokratiske kontrollen. Allmennkringkastaren NRK må få moglegheiter og ressursar til framleis å kunne levere eit godt og breitt tilbod på alle flater.

LO vil

- arbeide for å styrkje den økonomiske innsatsen frå det offentlege på kunst- og kulturområdet. Minst éin prosent av statsbudsjettet skal gå til kulturformål.
- arbeide for at alle barn og unge skal kunne delta i breiddeidrett, korps og andre fritidsaktivitetar, uavhengig av økonomiske føresetnader og kvar ein bur
- synleggjere arbeidarkulturen gjennom eit engasjement for dei tekniske, industrielle og sosiale kulturminna

4. Å jobbe

Eit arbeid å gå til og ei lønn å leve av er grunnleggjande menneskerettar. Det er viktige vilkår for fridommen til individa og deltakinga deira i fellesskapen. Arbeidarrørsla har bidrege til å byggje det arbeidslivet vi har i dag, gjennom å forhandle fram kollektivavtalar og å kjempe fram rettar lovvegen. Faste tilsetjingar og heiltidsstillingar er grunnmuren i arbeidslivet. Det sikrar tryggleik for arbeidstakarane og kompetanse på arbeidsplassane. Høg yrkesdeltaking også blant kvinner har bidrege til økonomisk vekst så vel som auka fridom for større delar av befolkninga.

Både nasjonalt og internasjonalt ser vi ein aukande grad av individualisering og nedbygging av vernet til arbeidstakarane i regelverket. I tillegg ser vi ei stadig dårlegare etterleving av, og eit auka press på, lovverk, avtaleverk og arbeidslivsstandardar. Det bidreg til ei reell svekking av arbeidstakarrettane. Sosial dumping, auka bruk av innleige- og bemanningsbyrå, tariffhopping, nye former for digitalisering, nye forretningsmodellar og uoversiktlege selskapsorganiseringar bidreg til å svekkje HMS-arbeidet, arbeidsplassdemokratiet og maktbalansen mellom arbeidsgjevar og arbeidstakar. LO vil vidareutvikle det gode arbeidslivet vi har i Noreg og på norsk sokkel, og kjempe mot dei negative utviklingstrekk vi er vitne til.

4.1 Tariffpolitikk og faglege rettar

Faglege rettar er sjølve fundamentet for eit velfungerande og sunt arbeidsliv. Kjerneoppgåva til tariffpolitikken er å sikre medlemmene sin andel av verdiskapinga i form av auka kjøpekraft, jamn fordeling og sosiale forbetringar.

Arbeidslivet endrar seg raskt. Tradisjonelle bransjar smeltar saman, og nye oppstår. Samtidig endrar bedriftsstrukturane og arbeidsorganiseringa seg. Skal dei landsomfattande overeinskomstane setje standarden for arbeidslivet, er det nødvendig at fagrørsla vidareutviklar overeinskomstane, slik at dei framleis er gode verktøy og legg grunnlaget for ei kollektiv lønnsdanning. LO vil arbeide for å tariffeste breie, kollektive tenestepensjonsordningar. LO vil forsterke hovudavtalane og betydninga til overeinskomstane, rettane til dei tillitsvalde, sikre retten til arbeidskamp og vurdere korleis ulike kampmidlar kan brukast. Streikebryting er uakseptabelt.

LO vil

- forsvare og forsterke det kollektive avtalesystemet
- arbeide for at bedriftsdemokratiet og retten dei tilsette har til medråderett og medverknad på arbeidsplassane, blir styrkte og tilpassa den faktiske styrings- og avgjerdsstrukturen i alle typar verksemder, slik at han blir reell. Bedriftsdemokratiet må på ny innførast som eit organ for saker knytte til bedriftsdemokrati.
- arbeide for at det blir innført tilsetterepresentasjon i styre og selskap med meir enn ti tilsette, og at ordninga blir snudd slik at hovudregelen er at det skal vere representasjon

4.2 Arbeidsliv under press

Eit godt arbeidsliv er ikkje berre kjenneteikna av anstendige lønningar og ei arbeidstid som gjer det mogleg å leve heile liv. Å trivast på jobben handlar også om å ha eit ord med i laget om korleis arbeidsdagen blir lagd opp, å bli behandla med respekt av arbeidskollegaer og leiarar og å jobbe i eit arbeidsmiljø som er trygt og fritt. Mange av desse kvalitetane er under press i delar av arbeidslivet i dag. Undersøkingar viser at fleire arbeidstakarar opplever mindre tryggleik for å kunne stå i arbeid livet ut og for å få ein fast jobb. Nesten kvar femte tillitsvald gjev opp at ho eller han har vore utsett for ubehagelege opplevingar i løpet av dei siste tolv månadene, to tredelar av desse har vore utsette for dette frå leiarane sine. Mange stader er bedriftsdemokratiet på vikande front. Fleire arbeidstakarar opplever også eit press på fritida, anten det er i form av ubetalt arbeidstid mellom ulike oppdrag, ein normalarbeidsdag som blir tøygd, stadig jakt etter større stilling eller ei forventning om «alltid» å vere tilgjengeleg på e-post eller mobil.

Uoversiktlege organisasjonsformer, omfattande bruk av innleige frå bemanningsføretak, omgåingar av arbeidsgjevaransvar og i nokre tilfelle aggressiv fagforeiningsknusing er delar av ei ny utvikling som truar med å skru klokka mange tiår tilbake i norsk arbeidsliv. Nye teknologiske plattformer innan blant anna transport- og hotelltenester kan forsterke denne trenden, med mindre dei blir møtte av kloke politiske reguleringar. Arbeidsmiljølova må skjerpast for å forhindre at arbeidstakarar blir feilklassifiserte som sjølvstendig næringsdrivande og frilansarar. Føresegnene om verksemdoverdraging må styrkjast for å sikre arbeidstakarane eit betre vern, slik at dei betre varetek blant anna pensjon og AFP. For LO er det avgjerande å forhindre ei utvikling i retning av eit lausarbeidarsamfunn, der eit aukande tal arbeidstakarar står utan tilsetjing, der lønningane blir pressa ned, og der klare rammer og spelereglar blir erstatta av den vilkårlege makta til eigarane. LO vil arbeide for å sikre eit sterkt kollektivt og individuelt stillingsvern.

I kjølvatnet av ei slik utvikling følgjer også alvorleg arbeidslivskriminalitet, skatteunndragingar og grov utbytting av dei som står aller svakast på arbeidsmarknaden. Ofte er dette arbeidarar fødde i andre land enn Noreg, som er sårbare også på grunn av den manglande kunnskapen sin om norsk samfunnsliv, om norsk språk og om norske fagforeiningar. LO vil derfor føre vidare det sterke engasjementet sitt for å styrkje rettane til arbeidstakarane og forsterke både vår eigen innsats og innsatsen frå myndigheitene mot arbeidslivskriminalitet, sosial dumping og lausare tilknytingsformer til arbeidslivet. Arbeidstakarar skal sikrast faste tilsetjingar hos den reelle arbeidsgjevaren sin, og organisasjonsgraden må opp. Allmenngjeringsordninga, som er det viktigaste enkelttiltaket vi har mot sosial dumping, må styrkjast. Det må bli enklare for tilsette å krevje inn lønn og feriepengar. Kommunane bør krevje at bedrifter som søkjer skjenkjeløyve, følgjer føresegnene i allmenngjeringsforskrifta om minstelønn. Allmenngjeringslova må også gjerast gjeldande på Svalbard.

Myndigheitene må blant anna sjå på konkurs- og revisjonslovgjevinga, irekna strafferammer, revisjonsplikt og konkursskarantene. Ressursane og sanksjonsmoglegheitene til kontrolletatane, og samarbeidet på tvers av fagetatar, må styrkjast. Det er også nødvendig med ein gjennomgang og ei vurdering av korleis Arbeidstilsynet og andre tilsynsmyndigheiter kan ha ei meir aktiv tilsynsrolle utan at det går på kostnad av dei viktige rettleiingsfunksjonane tilsynet har. Det bør innførast eit register over utanlandske tenesteytarar i Noreg etter modell av det danske RUT-registeret. Vidare må det fortløpande vurderast nye tiltak som kan avgrense omfanget av innleige av arbeidskraft og mellombelse tilsetjingar. LO vil arbeide for å redusere kabotasje i Noreg.

Det offentlege må halde fram med å gå føre i arbeidet for eit seriøst arbeidsliv. Vellykka seriositetsmodellar som allereie er innførte, må leggje grunnlaget for ein «Noregsmodell», der offentlege myndigheiter stiller krav som sikrar faste tilsetjingar, stillinga til fagutdanningane, styrkt organisasjonsgrad, lønn etter tariffavtale og berekraft. LO skal jobbe for at offentlege innkjøparar bruker leverandørar med tariffavtale, og for at det offentlege ikkje skal velje tilbydarar som bryt retten dei tilsette har til å organisere seg. Tilbydarar som bryt med norske arbeidsvilkår, sosiale forhold og motarbeider tariffavtalar, skal avvisast. Det skal vere nulltoleranse for sosial dumping i offentlege anskaffingar, og dei gode erfaringane frå byggjebansjen må overførast til alle sektorane. Terskelverdiane for seriositetstiltak ved offentlege anbod må senkast, slik at fleire anbod blir omfatta av seriositetsføresegner, og det må etablerast effektive kontrolltiltak og krav overfor norskregistrerte utanlandske føretak (NUF-selskap), mot konkursskriminalitet og kontraktørverksemd. LO vil krevje overfor myndigheitene at lønn i samsvar med tariff må gjelde for alle bransjar ved offentlege anbod og oppdrag.

LO vil

- styrkje allmenngjeringsordninga og senke beviskravet ved krav om allmenngjering
- arbeide for at det blir sett i gang ei maktutgreiing om arbeidslivet, der ulike former for omgåing og tilpassing på arbeidsrettsområdet blir sett i samanheng med bedriftsdemokrati, medverknaden tilsette har i utforminga av eigen arbeidskvardag, organisasjonsgrad og verktya og ressursane til dei tillitsvalde
- arbeide for ei kraftig opprusting av Arbeidstilsynet, andre tilsynsmyndigheiter og Økokrim og at det blir etablert ei tverretatleg, riksdekkjande eining for inndraging av utbytte frå kriminelle handlingar

4.3 Bemanningsbransjen

Innleige frå bemanningsføretak undergrev faste tilsetjingar, lærlingordningar og fagkompetanse i fleire næringar. Dette svekkjer rolla tillitsvalde har på arbeidsplassane, og med det betydninga til tariffavtalane. Innleigde har også eit meir belastande arbeidsmiljø med auka risiko for skadar og ulykker, mindre medråderett og meir detaljstyring. I samfunnskritisk infrastruktur, som i luftfarten og til sjøs, truar også atypiske tilsetjingsforhold tryggleiken.

Lause tilknytingsformer svekkjer den norske arbeidslivsmodellen og gjev ei arbeidsorganisering som fremjar konkurranse på lønnsvilkår framfor produktivitet, faglegheit og kvalitet. Mange land har innført meir omfattande avgrensingar på innleige enn det vi har i Noreg, irekna forbod mot innleige i enkelte sektorar. LO vil følgje nøye med på utviklinga i ulike delar av arbeidslivet og gå inn for at innleige frå bemanningssekskap i dei mest utsette områda og bransjane blir ulovleg.

Dei foreslåtte innstrammingane i høvet til å leige inn frå bemanningsbyrå, gjeninnføring av kollektiv søksmålsrett og styrkte rettar til faste og heile stillingar er eit velkomme brot med ei utvikling som i mange år har gått i feil retning. Forbodet mot innleige i byggjebansjen i Oslo, Viken og Vestfold må setjast i verk i løpet av kort tid og må vere starten på eit arbeid med å avvikle innleige frå bemanningsbyrå som fortrengrer faste stillingar, i heile arbeidslivet.

Nedbygging av offentlig arbeidsformidling har ført til at bemanningsbransjen har fått innpass i arbeidsformidlinga. Offentleg arbeidsformidling må gjenreisast og utviklast som

ein seriøs instans som ikkje skuvar arbeidsfolk ut i situasjonar med sosial dumping og låglønnskurransse. Arbeidsmarknadspolitikken må sjåast i samanheng med kompetanse- og integreringspolitiske tiltak og verkemiddel, og arbeidsmarknadstiltak og etterutdanning må få eit reelt innhald.

LO vil

- arbeide for at bemanningsbransjen i noverande form blir avvikla
- arbeide for at myndigheitene tek eit sjølvstendig ansvar for arbeidsmarknadspolitikken, og at den offentlege arbeidsformidlinga blir styrkt
- arbeide for at myndigheitene nyttar høvet i forskrift til å forby innleige frå bemanningsselskap i dei mest utsette områda og bransjane

4.4 Arbeidsmiljø

Eit godt arbeidsmiljø er ein viktig føresetnad for eit arbeidsliv med plass til alle og der helsa, miljøet og tryggleiken til dei tilsette blir varetekne gjennom medråderett, godt utvikla partssamarbeid, sterkt lov- og avtaleverk og trygge rammevilkår. Arbeidsplassar med høg grad av tillit, samarbeid, rettferdig leiing og positive utfordringar i jobben fremjar godt arbeidsmiljø og god arbeidshelse. Myndigheitene og partane må bidra til at arbeidsmiljøtiltak i verksemdene blir knytte til innhaldet i og organiseringa av arbeidet. Rolla tillitsvalde har ved kontorutforming og etablering av heimekontorordningar, må styrkjast. Bruken av heimekontor skal vere basert på frivilligheit.

Godt og systematisk helse-, miljø- og tryggleiksarbeid skal forankrast i verksemda og vere kunnskapsbasert. Tilstreккеleg kunnskap hos arbeidstakar og arbeidsgjevar og moglegheiter for god kommunikasjon gjennom felles språk og tilrettelegging for arbeidstakarar med lese- og skrivevanskar er nødvendig for å byggje ein god arbeidsmiljø- og tryggleikskultur. Det gjeld alt HMS-arbeid, men vi vil spesielt peike på det psykososiale området og tiltak knytte til vald og truslar, netthets, mobbing og trakassering. Det må stillast krav om tilstrekkeleg bemanning, rett kompetanse og bruk av tekniske hjelpemiddel for å auke tryggleiken. Alle skadar og sjukdommar som kjem av arbeid, skal gje rett til yrkesskadeerstatning, uavhengig av kvar arbeidet blir utført. Behandlingstida på slike saker kan vere lang, noko som blir ei ekstra påkjenning for dei involverte. Behandlingstida på yrkesskadeforsikringssaker må reduserast. LO vil arbeide for nasjonal plan for kartlegging og fjerning av asbest.

Verneombod, arbeidsmiljøutval, tillitsvalde, bedriftshelseteneste og Intensjonsavtalen om eit meir inkluderande arbeidsliv (IA-avtalen) er sentrale verkemiddel i HMS-arbeidet. Myndigheitene må, saman med partane, leggje til rette for pålagd bedriftshelseteneste for alle og at bedriftshelsetenestene må konsentrere seg om kjerneoppgåver som førebyggjande og systematisk arbeidsmiljøarbeid til skilnad frå generelle helsekontrollar. IA-avtalen skal bidra til å redusere sjukefråvære og hindre utstøyting frå arbeidslivet gjennom eit godt og systematisk arbeidsmiljøarbeid og bidra til å skape gode inkluderingsarenaer i arbeidslivet. Full lønn under sjukdom for alle arbeidstakarar må sikrast gjennom å halde ved lag gjeldande sjukelønnsordning. LO vil jobbe for at trepartssamarbeidet framleis skal vere sterkt, og ein ny IA-avtale etter 2022.

Opplæringa til tillitsvalde på arbeidsmiljøområdet må styrkjast. Verneombod og arbeidsmiljøutvalsmedlemmer må få tilbod om årleg fagleg oppdatering som påbygg på 40-timars HMS-kurs. Det må etablerast ei offentleg godkjenningssordning for kurstilbydarar

i HMS. Ordninga med regionale verneombod bør fortløpande vurderast innført i bransjar der det er tenleg. Når det blir oppretta nye ordningar, bør dei regionale verneomboda ha tilsetjingsforholdet sitt hos det største forbundet i bransjen.

Lov- og regelverket skal vere utforma slik at det ikkje lèt seg gjere å tolke seg vekk frå arbeidsmiljøkrav ved å endre tilknytingsform, organisasjonsform og forretningsmodell. Rettane til tilsette og tillitsvalde ved utsetjing av verksemd på oppdrag må styrkjast.

Styringsteknologi som også kan brukast til kontroll og overvaking på arbeidsplassen, utfordrar personvernet. Det kan bidra til stress og uhelse. Det må sikrast at nye teknologiar ikkje blir brukte til å overvake tilsette i strid med lov- og avtaleverk. Respekten for lov- og avtaleverket må styrkjast for å sikre den personlege integriteten til den enkelte arbeidstakar og tillitsvalde reell medråderett og informasjon. Det er også nødvendig med styrking av regelverket om det psykososiale arbeidsmiljøet.

Ytringsfridommen til arbeidstakarane må bli reell, slik at tilsette utan fare for sanksjonar kan ytre seg om forhold på arbeidsplassen og faglege spørsmål som det er viktig for samfunnet å få kunnskap om. Varslingsreglane må styrkjast ved å opprette eit varslingsombod.

Det er viktig at utforminga av arbeidsplassen varetek eit likestilt arbeidsliv gjennom blant anna separate sanitærrom og garderober med separate inngangar.

LO vil

- styrkje arbeidsmiljølova og anna aktuelt lov- og forskriftsverk. Arbeidsmiljølova skal gjelde alle arbeidstakarar, med mindre dei er dekte av anna likeverdig lovverk.
- vidareutvikle IA-avtalen i samarbeid med myndigheitene og partane i arbeidslivet elles
- styrkje ressursane og sanksjonsmoglegheitene kontrollatane har

4.5 Arbeidstid

Nye organisasjonsformer i arbeidslivet, ny teknologi og politiske vedtak utfordrar normalarbeidsdagen og medverknaden arbeidstakarane har over eiga arbeidstid og fritid.

Logikken i arbeidsmiljølova der mindre unntak frå lova kan avtalast med arbeidstakar, større unntak avtalast med (lokale) tillitsvalde og omfattande unntak avtalast med fagforeningar med innstillingsrett, må haldast ved lag. Ytterlegare rettar i arbeidsmiljølova vil auke fordelane ved å vere bunden av tariffavtale med fagforeining med innstillingsrett og vil vere eit viktig tiltak for å auke organisasjonsgraden. LO meiner det er behov for å revidere føresegnene i arbeidsmiljølova om arbeidstid. Blant anna må høvet til gjennomsnittsberekning av arbeidstid reserverast for bedrifter som har tariffavtale med fagforeningar med innstillingsrett.

Fordi lengda og organiseringa av arbeidstida, når på døgnet ho er plassert, og kompensasjon i lov- og avtaleverk i stor grad styrer livet til arbeidstakarane, er retten til medråderett avgjerande og må styrkjast. Arbeidstidsordningar skal vere slik at helsa og velferda til arbeidstakarane blir sikra, og at det blir mogleg å stå i arbeid til pensjonsalderen.

Opnings- og arbeidstider som inneber at tilsette må arbeide utanfor normalarbeidsdagen, må føresetje medverknad for dei det gjeld. Føresegna i arbeidsmiljølova om at søndags- og nattarbeid berre er lov der arten til arbeidet gjer det nødvendig, må tolkast strengt.

Varehandelen må omfattast av vernet i lova mot natt- og søndagsarbeid. Felles fridagar for dei fleste er bra for individet og for samfunnet som heilskap. Ein fare ved å gjere søndagen til ein alminneleg arbeidsdag er at det kan føre til auka behov for godstransport og varelevering. Det vil igjen gje auka utslepp, færre vil kunne ha overskot og tid til å engasjere seg i familieliv og frivilligheit, og resultatet generelt vil kunne bli eit arbeidsliv med auka press på den enkelte.

Arbeidstidsordningar, inklusive fleksible ordningar baserte på teknologiske løysingar, skal risikovurderast på linje med andre arbeidsmiljøfaktorar. Uheldige helseeffektar av lange arbeidsdagar, skift- og turnusarbeid og nattarbeid er godt dokumenterte, men vi treng meir forskning på langsiktige helseeffektar av komprimerte arbeidstidsordningar.

Arbeidstidsreformer vil kunne gje eit meir inkluderande og likestilt arbeidsliv med fleire heile stillingar og større moglegheiter for fleire til å stå i arbeid til oppnådd pensjonsalder. Det vil på ulike måtar vere behov for arbeidstidsforkortingar framover. Det gjeld tid for å styrkje kompetansen, det gjeld reduksjon i dagleg arbeidstid eller andre former for arbeidstidsforkortingar. Kor raskt og omfattande reduksjonar kan skje, vil vere avhengig av kor mye av veksten som elles blir teken ut i investeringar, i kjøpekraftforbetringar eller andre velferdsgode. LO vil følgje opp planen for korleis ein kan gå vidare med arbeidstidsreduksjonar, irekna 6 timars arbeidsdag / 30 timars arbeidsveke.

Andelen deltidsarbeidande har over tid gått noko ned i norsk arbeidsliv, men framleis er det mange arbeidstakarar – hovudsakleg kvinner – som ikkje får anledning til å arbeide heiltid. Deltidsarbeid svekkjer moglegheitene den enkelte har til å forsørgje seg sjølv, både som yrkesaktiv og den dagen ein blir pensjonist. Det svekkjer også tilgangen på kompetent arbeidskraft i ein situasjon der behovet er stort. LO er nøgd med at regjeringa har foreslått å styrkje retten til heiltid. Rettane deltidstilsette har til utvida stilling tilsvarande faktisk arbeidstid, må styrkjast ytterlegare.

Innan fleire bransjar er det omfattande forsøk på å omgå regelverk om arbeidstid. Dette blir blant anna gjort gjennom urettmessig bruk av regelverket for leiande eller særleg uavhengig stilling eller ved inkludering av overtid i ordinær lønn i arbeidskontraktar og bruk av deltid. Slike omgåingar av regelverket set normalarbeidsdagen under press og motverkar målsetjingane om eit arbeidsliv som gjev like mykje rom for kvile og fritid som for arbeidstid.

LO vil

- forsvare normalarbeidsdagen og styrkje innverknaden fagrørsla har på organiseringa av arbeidstida. Unntak frå arbeidstidsføresegnene skal som hovudregel avtalast mellom partane i arbeidslivet
- sikre retten til heile, faste stillingar for alle arbeidstakarar
- arbeide for at søndagen framleis skal vere ein annleisdag

4.6 Likestilling og likelønn

Sjølv om Noreg har komme langt i likestilling mellom kjønna, er det framleis systematiske skilnader. Målet til LO i likestillingsarbeidet er at kvinner og menn skal ha like rettar og moglegheiter til utdanning, arbeid, inntekt, velferd og innverknad. Heiltidsjobb og ei sjølvstendig inntekt ein kan leve av, er avgjerande for likestillinga til kvinner.

Det vi har oppnådd innan likestilling, har ikkje komme av seg sjølv. Det er framleis viktig med ein aktiv likestillingspolitikk, ei sterk likestillingslovgjeving og eit godt og effektivt handhevingsapparat. Trepertssamarbeidet må brukast aktivt for å støtte opp under ansvaret arbeidsgjevar har for likestilling, og til konkrete og aktive likestillingstiltak.

Lønnsutviklinga til kvinner blir sikra best gjennom sentrale forhandlingar. Verkemiddel og tiltak for likelønn og låglønn må gjerast meir treffsikre. Yrke og arbeid som vanlegvis blir utførte av kvinner, har gjennomgåande lågare lønnsnivå enn yrke og arbeid dominerte av menn. Likeverdige arbeid blir lønt ulikt, sjølv om krava til kompetanse, innsats, ansvar og arbeidsforhold er like høge. Aktivitets- og utgreiingsplikta jev ny kunnskap for å avdekkje verdsetjingsdiskriminering. Aktivitets- og utgreiingsplikta må skje gjennom eit systematisk partssamarbeid for å sikre at grunnlause skilnader blir avdekte og retta. For enkelte grupper er det i tillegg nødvendig at lønnskildnadene mellom privat og offentleg sektor blir utjamna. Det krevst ulike verkemiddel og tiltak. Vi treng ein strategisk og systematisk likelønnsplan, og verkemiddel og tiltak må gjerast meir treffsikre.

Kjønnsdeling i utdanningsval og arbeidsmarknaden er også ei stor likestillingsutfordring. Ei betre kjønnsfordeling innanfor yrkesgrupper, bransjar og sektorar kan også bidra til å utjamne lønnskildnader mellom kvinner og menn. Kjønnsdelinga er særleg stor i yrkesfaga, og her skjer ofte utdanningsvalet i ung alder. Det er derfor behov for ein aktiv politikk for likestilte utdannings- og yrkesval. Ein slik politikk må også innebere å leggje til rette for likeverdige arbeidsforhold for begge kjønn og eit anstendig arbeidsliv for alle. Ei satsing må forankrast i trepartssamarbeidet og i dei bransjane der utfordringane er størst.

Likestilling i arbeidslivet heng saman med likestilling i familien. Det er behov for ein aktiv familiepolitikk som støttar opp under yrkesdeltakinga til kvinner. Barnehagen, skolen og andre offentlege tenester må leggje til rette for at foreldre til barn med spesielle behov kan delta fullt ut i arbeidslivet. I tillegg er det behov for å forbetre permisjons- og inntektssikringsordningar for foreldre som, som ei følge av særlege behov hos barna, må ta seg fri frå arbeid ut over det som ordninga med omsorgspengar dekkjer i dag. Foreldrepengeordninga må sikre kvar av foreldra minst 40 prosent av permisjonstida og sjølvstendig oppteningsrett.

Kontantstøtta bidreg til å svekkje tilknytninga kvinner har til arbeidslivet, og må avskaffast.

Kvinner er meir utsette for seksuell trakassering, seksuelle overgrep og vald i nære relasjonar enn menn. Det offentlege må ta ansvar for førebygging, hjelpetiltak, finansiering og utbygging av fleire kritesenter og endring av praksis og haldningar innan politi og rettsapparat. Vald, truslar og trakassering er eit arbeidsmiljøproblem som særleg rammar kvinner. Det er behov for å styrkje arbeidet mot dette, både som ein del av HMS-arbeidet og aktivitets- og utgreiingsplikta (ARP) arbeidsgjevaren har.

Ein ratifisering av ILO-konvensjon 190 om vald kan bidra til eit tydelegare kjønnsperspektiv, og eit sterkare vern av sårbare arbeidstakarar, i arbeidet mot vald og trakassering. Det er viktig å starte tidleg med haldningsskapande arbeid. Derfor må seksualitet, kjønnsroller og likestilling vere tema både i barnehagen og i skolen. Kvinnediskriminering må sjåast i samanheng med diskriminering på andre grunnlag, irekna etnisitet, funksjonsnedsetjing og seksuell orientering.

LO vil

- prioritere likelønn og låglønnsgrupper i tariffoppgjera

- arbeide for ein aktiv familie-, likestillings- og arbeidslivspolitik som styrker posisjonen til kvinner i arbeidslivet
- støtte opp om og arbeide for tiltak som betrar kjønnsbalansen i utdanning og arbeidsliv

4.7 Kjønn- og seksualitetsmangfald

For personar som bryt med normer for kjønn og seksualitet, kan openheit by på utfordringar både i samfunnslivet og i arbeidskvardagen. Det er behov for ny forskning på situasjonen til LHBTIQ+-personar i arbeidslivet.

Rolla fagrørsla har, er å fremje likestilling og ikkje-diskriminering av LHBTIQ+-personar i samfunns- og arbeidslivet. Alle arbeidsplassar må bli diskrimineringsfrie. Kjønn- og seksualmangfald er ein viktig del av det haldningsskapande og førebyggjande arbeidet mot diskriminering på arbeidsplassen.

LO vil

- arbeide mot diskriminering, stigmatisering, intoleranse, hatefulle ytringar og hatkriminalitet i samfunnet og arbeidslivet
- arbeide for auka kunnskap i arbeidslivet om personar med ulike kjønns- og seksualitetsuttrykk
- at retten til å gje blod skal vere lik for alle, uavhengig av seksuell orientering

5. Å dele

Det er etter kvart ei brei internasjonal erkjenning at dei nordiske landa har lykkast med å kombinere økonomisk effektivitet og rettferdig fordeling på ein betre måte enn andre land. Det er likevel teikn til at lønnsdanning og inntektsfordeling i aukande grad blir påverka av avgjerder tekne andre stader enn i lønnsforhandlingar og demokratiske organ.

Globaliseringa gjev oss inntektsmoglegheiter, nye opplevingar, ny kunnskap og rikare tilgang på teknologi, men betyr også ein større påverknad av vår eiga samfunnsforming og fordelinga av gode og byrder. Dette krev ei sterkare prioritering av kampen mot skilnader både her heime og internasjonalt. Aukande flyt av arbeidskraft og tenester kan bidra til å presse lønningane nedover.

Målet til LO er eit samfunn der gode og byrder er rettferdig fordelte. Små økonomiske skilnader bidreg til eit betre samfunn og auka tillit. Lønnsdanninga, skattesystemet, kompetansepolitikken, overføringar og offentleg velferd er dei viktigaste mekanismane for å sikre utjamning. Fagrørsla må gjennom breie kollektive forhandlingar bidra til økonomisk styring. Der avtaleverket starta som reiskap for levekåra til den enkelte, er det organiserte arbeidslivet blitt nøkkelen til både verdiskaping, rettferdig fordeling og økonomisk stabilitet. Eit velfungerande skattesystem er ein føresetnad for velferdsstaten.

5.1 Fordeling gjennom lønn

Lønnsdanninga er den viktigaste fordelingsmekanismen fordi ho avgjer balansen mellom arbeid og kapital, sikrar inntekt og påverkar sysselsetjing, arbeidsløyse, kompetanse og likestilling på ein avgjerande måte. Lønn skal avtalast mellom partane i tariffoppgjer i frie forhandlingar.

Ei samordna lønnsdanning, der rammene for lønnsaukar blir fastsette gjennom sentrale oppgjer, er ein føresetnad for at ein kan sikre god fordeling mellom ulike lønnsstakargrupper, og gjer det mogleg å bruke tariffoppgjera til å gjennomføre eller støtte sosiale reformer i samfunnet. Den koordineringa som skjer gjennom forhandlingane, legg også grunnlaget for å sikre at framforhandla rettar og gode kan gjerast gjeldande for overeinskomstar som har eit svakare utgangspunkt for forhandlingar. Oppslutninga om ei samordna lønnsdanning kan utfordrast dersom toppleiarlønningane aukar meir enn andre lønningar. Det er derfor avgjerande å sikre at lønnsveksten blant leiarar ikkje er høgare enn for andre grupper.

Frontfagsmodellen varetek konkurranseutsette næringar, gjev rettferdig fordeling mellom yrkesgrupper, støttar opp under samfunnsøkonomien og bremsar arbeidsløysa. Frontfagsmodellen skal gje rammer for heile arbeidslivet, men ikkje vere til hinder for at det kan gjevast kompensasjon til grupper som systematisk og over tid har er blitt hengande etter i lønnsutviklinga. Ei framleis samordna lønnsdanning er avhengig av at organisasjonsgraden blir halden ved lag. Auka fagforeiningsfrådrag er eit viktig verkemiddel.

LO vil

- sikre arbeidstakarane sin del av verdiskapinga og utbetre balansar der det har oppstått mishøve over tid
- føre vidare og styrkje frontfagsmodellen og ei samordna lønnsdanning

- prioritere låglønnsgrupper og likelønn i tariffoppgjera

5.2 Fordeling gjennom skatt

Eit effektivt skattesystem som fordeler om på goda, er avgjerande både for å finansiere velferd og for ei rimeleg inntektsfordeling etter skatt. Dei som har mest, må betale mest. Skatt på formue er viktig for å bidra til utjamning og rettferdig fordeling.

Skattesystemet må innrettast på ein slik måte at ein sikrar eit breitt skattegrunnlag der alle bidreg til fellesskapen, samtidig som ein forhindrar skatteflukt og skattetilpassingar. Selskap som arbeider gjennom digitale medium eller plattformer, må regulerast på ein effektiv måte slik at også desse aktørane bidreg til velferdsstaten. Auka skattlegging av finanssektoren vil både kunne bidra til å finansiere velferdsstaten og til betre fungerande finansmarknader. Skatteetaten må ha eit godt utbygd kontrollapparat med lokale avdelingar for å hindre skatteunndragingar og skatteinngangen til staten og kommunane.

LO vil

- arbeide for eit skattesystem som bidreg til rettferdig fordeling mellom ulike grupper i samfunnet, som sikrar finansiering av velferdsstaten og gjev gode rammevilkår for næringslivet
- arbeide for auka finansiell gjennomsikt og mot skatteflukt, skatteparadis, korrupsjon og skatteunndragingar
- støtte opp om nasjonale og internasjonale initiativ for ei sterkare skattlegging av finanssektoren og innføring av skatt på finanstransaksjonar over landegrensene

5.3 Fordeling gjennom overføringar og offentleg tenesteyting

Overføringar gjennom velferdsstaten motverkar fattigdom, forsterkar utjamninga mellom grupper i samfunnet og fordeler om frå dei som har mykje, til dei som har lite, der utjamning gjennom lønssystemet eller skattesystemet ikkje strekk til. Det gjeld særleg for grupper som står utanfor arbeidsmarknaden, men også for yrkesaktive personar som er avhengige av økonomisk støtte. Trygder og andre støtteordningar må vere utforma slik at det er mogleg å leve gode liv også om ein ikkje er i stand til å arbeide. Nivået på overføringane må vere tilstrekkeleg til at det motverkar fattigdom, ikkje minst blant barnefamiliar.

Universelle, fellesfinansierte og ikkje-behovsprøvde velferdsordningar med lita eller inga eigenbetaling frå den enkelte er berebjelkar i den norske velferdsstaten, anten det dreier seg om helsetenester, utdanning eller anna velferd. Ei slik innretning betyr mest for dei som har minst, men universaliteten sikrar brei oppslutning om velferdsordningane i alle delar av befolkninga. Det er ein viktig verdi i det norske samfunnet at alle, uavhengig av økonomi eller klassebakgrunn, har tilgang til dei same tenestene og institusjonane. Dette styrkjer tilliten og solidariteten i befolkninga og fordeler om på goda mellom dei som har mykje, og dei som har lite.

LO vil

- styrkje universelle, ikkje-behovsprøvde ordningar som berebjelkar i den norske velferdsstaten
- at alle helsetenester, irekna tannhelsetenester, skal vere gratis eller berre med små eigenandelar

- halde ved lag full lønn under sjukdom
- arbeide for at føresegnene i folketrygdlova om friskmelding til formidling blir fjerna

6. Å ta vare på

For LO er det eit grunnleggjande mål at flest mogleg av medlemmene i samfunnet kan forsørgje seg sjølve og familien sin gjennom eige arbeid. Ei inntekt å leve av sikrar den enkelte fridommen til å ta eigne val og gjer det mogleg for alle å ta del i verdiskaping og finansiering av felles velferd. Eit samfunn som baserer seg på lønnsarbeid og privat eigedomsrett, må samtidig sikre livsopphald også for dei som sjølve ikkje er i stand til å arbeide. Eit viktig særtrekk ved den norske modellen er at fellesskapen trør til ved arbeidsløyse, sjukdom og uførleik. Dette bidreg til eit omstillingsdyktig næringsliv og tryggleik for den enkelte.

Gode offentlege velferdstenester, godt folkehelsearbeid, gode læringsvilkår, førebyggjande arbeid og god oppvekstpolitikk bidreg til frie og trygge menneske, som igjen gjev skaparkraft og produktivitet. Det er nær samanheng mellom å skape, å dele og å ta vare på. Velferda må femne om alle. Dei som av ulike grunnar står utanfor arbeidslivet, må sikrast eit verdig liv, anten det gjeld kortare eller lengre periodar.

6.1 Ein sterk velferdsstat

Noreg treng ein sterk velferdsstat for å sikre rettferdig fordeling av verdiskapinga og gode velferdstenester til heile befolkninga. Føresetnaden for dette er tilstrekkelege økonomiske rammer. Veksten i offentleg sektor bør minst vere på nivå med veksten i privat sektor. Dette vil sikre stabilitet i offentlege fellesskapsordningar. Fleire år med ostephøvelkutt og underfinansiering under tidlegare borgarlege regjeringar har ført til at ressursituasjonen i offentleg sektor er anstrengd. Det er derfor behov for auka ressursar for at sektoren skal kunne oppfylle samfunnsoppdraget sitt på ein god måte.

Offentleg sektor skal vere underlagd politisk styring med basis i faglegheit og tillit til dei tilsette og reell medråderett. Mål- og resultatstyringa har ført til målforskuing, unødig byråkrati, fragmentering av ansvar og detaljstyring. Styringssystema i offentleg sektor må endrast for å styrkje lokal medråderett og medverknad. Det er derfor behov for ei tillitsreform i offentleg sektor. Dette vil føre til betre kvalitet på offentlege tenester enn marknadsstyringsprinsippet vi har i dag.

LO vil

- arbeide for eit skattenivå og eit skattegrunnlag som er i stand til å bere ein godt fungerande velferdsstat
- sikre det finansielle grunnlaget for velferdsstaten gjennom tiltak for å kjempe mot svart arbeid, sosial dumping, arbeidslivskriminalitet, skatteunndragingar og korrupsjon
- arbeide for at tillitsreforma i offentleg sektor blir gjennomført, slik at dei tilsette får tid og moglegheit til å yte gode tenester til alle innbyggjarar

6.2 Velferd, ikkje marknad

Marknadskreftene er ein viktig reiskap for produksjon og utveksling av varer og tenester. Men marknadskreftene har sine grenser. Offentleg tenesteyting og trygdeordningar blei gradvis utvikla for å gje betre kollektive løysingar, større tryggleik og meir likskap enn det privat lønnsemd og marknadsmessige forsikringar kan gje.

Dei felles velferdsordningane blir utfordra av ein aukande privat rikdom som gjer at mange kan kjøpe seg betre eller raskare tenester i den private marknaden enn det som det offentlege greier å tilby. Dette undergreiv ikkje berre dei universelle ordningane, men inneber også ein kamp om kompetent arbeidskraft og er ein trussel mot rettane og pensjonsvilkåra til arbeidstakarane. Velferdsordningane må styrkjast i takt med velstandsutviklinga elles. Forventningane til det offentlege tilbodet, for eksempel helsestellet, veks med auka privat velstands nivå. Det offentlege tilbodet må vere så bra at det ikkje er behov for å kjøpe eit privat tilbod. LO vil arbeide for at spesialisthelsetenesta kjem under sterkare demokratisk styring og reell folkevald kontroll. LO er imot privatisering og konkurranseutsetjing av offentlege velferdstenester. Rekneskapsreglar for privat sektor må ikkje brukast i offentleg forvaltning og tenesteyting.

LO vil

- arbeide for at velferdstenester skal vere fellesfinansierte og eigde og drivne av det offentlege
- styrkje velferdsordningane i takt med velstandsutviklinga elles for å avgrense etterspurnaden etter private løysingar
- arbeide for å fjerne moglegheiter til å ta ut profitt på velferdstenester og eigdomsverksemd knytte til slike tenester

6.3 Trygder, pensjoner og sosialhjelp

Inntektsgjevande arbeid og ei lønn å leve av er nøkkelen til livsopphald og sjølvrealisering. Dei aller fleste av oss går likevel gjennom livsfasar der vi er avhengige av offentlege ytingar. Desse ytingane må utformast slik at dei gjev tilstrekkeleg livsvarig inntektssikring og smidige ordningar mellom arbeid og trygd. Barnetrygda må aukast og bevarast som ei universell ordning, regulerast jamleg og haldast utanfor inntektsgrunnlaget ved utrekning av sosialstønad.

Alderspensjon frå folketrygda er, og skal vere, det berande elementet i det norske pensjonssystemet, men gode og kollektive ordningar som AFP og tenestepensjonar er viktige tillegg. Eit breitt organisert pensjonssystem må sikre moglegheita for jobbskifte utan tap av pensjon, kostnadseffektiv forvaltning og premiar og ytingar som er like uavhengig av kjønn. Tenestepensjonsordningane må forbeholdast ved å heve minstesatsen, i første omgang til fire prosent. Alderspensjon for uføre skal skjermast mot levealdersjustering, og oppteninga av alderspensjon må skje til 67 år. Taket på samla uføretrygd må fjernast, og barnetillegga må førast vidare og aukast. Minsteytingane må utvikle seg slik at mottakarane får ei velstandsutvikling minst på nivå med pensjonistar elles. Økonomisk sosialhjelp skal vere eit tryggingnett der ein ikkje har andre rettar, og der målet er å betre levekåra og bidra til likeverd og inkludering.

Mange nordmenn sysselset seg i dag som frilansarar eller sjølvstendig næringsdrivande, eventuelt i blanding med ordinært lønnsarbeid. Tilknytninga til arbeidslivet som frilansar eller sjølvstendig gjev mindre grad av tryggleik enn fast tilsetjing, og det er viktig å styrkje tryggingnettet for denne gruppa, primært gjennom at dei blir sikra ordinær tilsetjing i verksemdene.

LO vil

- arbeide for eit fellesfinansiert og fellesskapsstyrt pensjons- og trygdesystem der mottakarane har kontroll over yting og forvaltning gjennom demokratiske organ eller gjennom tariffesting
- arbeide for at samla pensjon ved 67 års alder skal gje ei inntektsdekning på minst to tredelar av lønn. Det må også gjevast reell moglegheit for å kunne gå av tidlegare for dei som ikkje kan stå i jobb til slutten av arbeidslivet.
- at statlege rettleiande standardar for økonomiske ytingar skal sikre eit anstendig og nødvendig livsopphald

6.4 Bustad

Noreg treng ein bustadpolitikk som reduserer, og ikkje aukar, dei sosiale og geografiske skilnadene. Bustadpolitikk blei tidlegare brukt til å utjamne skilnadene i Noreg, men er no ein sterk faktor for ein ny og høg formueulikskap. Denne vil også gå i arv: I dag er 70 prosent av den privat formuen i Noreg bustader. Høge bustadprisar i byane gjer at stadig fleire unge og tilflyttarar ikkje har råd til å kjøpe bustad. I store delar av distrikta er derimot bustadprisane så låge at bustadbygginga har stoppa opp. Dette har skapt bustadmangel, svekt mobilitet i arbeidsmarknaden og ein sterk formueulikskap mellom by og bygd.

Bustadpolitikken må bli ein del av fordelings- og velferdsolitikken. Alle har rett til ein stad å bu, og situasjonen på bustadmarknaden for ungdom og andre i etableringsfasen krev at det på ny blir innført ein sosial bustadpolitikk. Både stat og kommune må ta større ansvar for dei unge som slit med å komme inn på bustadmarknaden. Leige-til-eige-ordningar må takast aktivt i bruk. Husbanken må bidra med ei rimeleg og stabil finansiering. Det må byggjast fleire studentbustader i regi av samskipnadene. Bustader må gjerast mindre attraktive som spekulasjonsobjekt.

LO vil

- arbeide for rettferdig skatt på høge formuar og bustadverdiar som bidreg til ein meir balansert bustadmarknad
- styrkje økonomiske og juridiske rammevilkår for å byggje og drifte ikkje-kommersielle utleigebustader, inkludert studentbustader
- sikre Husbanken som viktig aktør i det bustadpolitiske og bustadsosiale arbeidet og stimulere bustadbyggjelag og andre utbyggjarar til å tilby etableringsløyningar for ungdom

6.5 Tryggleik i kvardagen

Tryggleik når det gjeld liv, helse og verdiar, er ein berebjelke i ein demokratisk rettsstat og avgjerande for å halde ved lag den gjensidige tilliten som har prega samfunn i den nordiske modellen. Denne tryggleiken blir utfordra av fare for, eller frykt for, krig eller krigsliknande handlingar, terrorisme, kriminalitet, pandemiar eller naturkatastrofar. Vi må ha betre beredskap i møtet med klimakrisa, der ekstremvêr skaper flaum, skred, stormar og tørke. Det er derfor viktig å utvikle ein totalberedskap som omfattar både risikoerkjening, sårbarheitsanalyse, samfunnsvern, irekna smittevern, og tryggleiken til innbyggjarane. Dette må alltid balansere mot omsynet til demokratiske rettar og retten til eit privatliv.

Samfunnstryggleik og beredskap må vere eit ansvar for det offentlege, basert på tilstrekkeleg grunnbemanning og beredskap til å handtere krisesituasjonar. Offentlege etatar og statleg eigde selskap må ha eit avklart ansvarsområde og tilstrekkeleg med ressursar til å sikre samordning og samarbeid. Ein desentralisert struktur av statlege arbeidsplassar legg til rette for samfunnstryggleik og beredskap i heile landet. Skal ein halde ved lag busetjing og næringsutvikling i heile landet, er det ein føresetnad at det også er trygt å bu, ferdast og jobbe der. Vidare må det sikrast at Noreg har tilstrekkeleg eigenproduksjon av mat, medisinar, smittevernutstyr og medisinskteknisk utstyr.

Alle barn må sikrast gode og trygge oppvekstvilkår. Førebyggjande barne- og ungdomsarbeid må lovfestast som eit offentleg ansvar. Det kommunale barnevernet må styrkjast ved å innføre rettleiande bemanningsnormer, rettleiing og systematisk kompetanseutvikling. LO meiner at all praksis med fengsling av barn i ordinære fengsel for vaksne må stoppast. Dei etablerte ungdomseiningane må styrkjast, og overgangen frå barn i fengsel til vaksenfengsel må betrast.

Frykt for å bli utsett for kriminalitet verkar i seg sjølv avgrensande på fridommen til menneske. Målsetjinga om lågast mogleg kriminalitet må nåast gjennom heilskapleg prioritering av straffesaksjeda, frå førebyggjande arbeid til etterforskning, domfelling og straffegjennomføring. Det faktiske nærværet av politi må styrkjast også i distrikta. LO støttar ikkje ei generell væpning av politiet. Statlege etatar og selskap og regionale, kommunale og frivillige aktørar som i fellesskap skal vareta samfunnsberedskapen, må styrkjast og koordinerast betre på nasjonalt, regionalt og lokalt nivå.

Kriminalomsorga må styrkjast slik at målet om redusert tilbakefall til ny kriminalitet etter enda soning kan nåast. Målet til LO om eit samfunn med høgt velferdsnivå og små skilnader mellom folk vil bidra til redusert kriminalitet.

LO vil

- styrkje beredskapsarbeidet og samhandlinga mellom offentlege etatar
- ruste opp fengsel, byggje fleire kvinnefengsel, styrkje innhaldet i soninga i fengsel og friomsorg, styrkje ettervernet og sikre brei og tverrfagleg kompetanse blant tilsette i kriminalomsorga
- arbeide for å få innført rett til fri med lønn for frivillige ved innsats i søk- og redningsaksjonar

6.6 Kampen mot høgreekstremisme

Kampen for ideen om likeverd har prega heile historia til arbeidarrørsla og utgjer kjernen i samfunnsoppdraget vårt. Styrken til arbeidarrørsla har bidrege til at denne kampen har komme langt i Noreg. Han er like fullt utfordra av ekstreme haldningar og av ekstreme grupper som ikkje deler verdiane våre, men som heller meiner at menneske kan og skal rangerast etter kjønn, klasse, legning, tru eller etnisk bakgrunn. Vi står for det motsette. Vi står for ideen om at alle menneske har den same verdien – at dei ikkje kan rangerast, men at de kan organiserast og saman få makt over eige liv.

Korleis vi som samfunn svarer på framveksten av ekstreme krefter, seier mykje om oss sjølve. Svaret til LO er openheit og demokrati, men aldri naivitet. Det norske samfunnet, og ikkje minst arbeidarrørsla sjølv, har smerteleg erfart kor farleg høgreekstremismen er, og kva skade han kan påføre oss. Det er, og vil i all overskodedeleg framtid vere, behov for at

myndighetene bruker betydelege ressursar på å følgje med på ekstreme miljø og å skaffe seg kompetanse på ekstremisme.

Samtidig må arbeidarrørsla halde fram med arbeidet for å styrkje menneskeverdet og likeverdet og for å kjempe mot rasisme, fascisme og ekstremisme i Noreg, i Europa og i resten av verda. Samfunnet, og ikkje minst skolen, må bidra til auka kunnskap om ekstremisme.

LO vil

- lage ein handlingsplan mot høgreekstremisme og styrkje dei grunnleggjande verdiane i arbeidarrørsla om likeverd og støtte opp om AUFs arbeid på Utøya for å spreie kunnskap om demokrati og ekstremisme
- arbeide for at skoleelevar og studentar får auka kunnskap om ekstremisme, rasisme og fascisme, og for at fleire ungdommar får tilgang til grunnleggjande demokratiopplæring
- styrkje evna politiet og sosialtenestene har til å førebyggje og forhindre ekstremistisk terror og vald gjennom auka ressursar og auka kompetanse

6.7 Innvandring, flyktingar og integrering

Innvandring gjer Noreg til eit meir mangfaldig land og er ei vinning for samfunnet. Dette føreset ein aktiv integreringspolitikk og at det blir kjempa mot rasisme, framandfrykt og diskriminering både i arbeidslivet og på andre samfunnsarenaer.

Menneske med minoritetsbakgrunn må vernast mot diskriminering i tilsetjingsprosessar. Styrkt språkopplæring, rask og rettferdig godkjenning av utdanning frå andre land, satsing på kompetanse og aktiv arbeidsmarknadspolitikk er viktige element for å sikre god integrering og motverke tendensar til sosial dumping og auka skilnader. Det skal vere mogleg å kombinere språkopplæringa med arbeidspraksis. Det må særleg setjast inn tiltak for å integrere innvandrarkvinner i arbeidslivet. Ressursane kommunane har til arbeidet med å busetje og integrere flyktingar, må styrkjast.

Det er over 60 millionar flyktingar og internt fordrivne i verda. Norske myndigheter må hjelpe folk i naud internasjonalt og arbeide for auka tryggleik under flukt. Noreg må føre ein verdig asyl- og flyktingpolitikk i tråd med råda frå FNs høgkommissær for flyktingar og leggje barnekonvensjonen til grunn for asylbarn sitt opphald i landet. Asylmottak skal primært drivast i offentleg regi eller i samarbeid med ideelle aktørar. Retten til å søkje om permanent opphaldsløyve på sjølvstendig grunnlag må ikkje avgrensast av inntekt.

LO vil

- gå inn for at asylsøklarar med kjend identitet og lovleg opphald i Noreg får rett til arbeidsløyve. Det same gjeld asylsøklarar som ikkje kan returnerast, som har fått endeleg avslag, inntil retur er trygt. Asylsøklarar som ikkje kan returnerast, må ha tilgang på trygg og god helsehjelp og grunnleggjande sosiale rettar gjennom det offentlege.
- at introduksjonsprogrammet for nykomne flyktingar blir gjort meir arbeidsretta, og at deltakarane får ein plan for arbeidsretta aktivitet og/eller utdanning allereie ved oppstart
- arbeide for at barnevernet skal ha ansvaret for einslege mindreårige asylsøklarar opp til 18 år, og for at arbeidet med barna skal heimlast i barnevernlova

7. Å meistre internasjonaliseringa

Det norske samfunnet er kjenneteikna ved ein open økonomi og sterk deltaking på den internasjonale arenaen gjennom FN og andre internasjonale organ som fremjar fred, tryggleik, menneskerettar, miljø og utvikling. Vi er eit lite land, men ein viktig internasjonal aktør. Det gjev Noreg store moglegheiter, eit betydeleg ansvar og nokre utfordringar.

Jobbkvalitet, velferdstenester og trygdeordningar er under press. Norsk og internasjonal fagrørsla blir utfordra av globalisering med auka konkurranse, investeringar på tvers av landegrensene og endra arbeidsmarknader. Konflikhtar, krig, teknologisk utvikling, klimaendringar og økonomiske kriser har ført til omfattande tap av arbeidsplassar, sosial uro og auka press mot fagrørsla og opparbeidde rettार.

I den globaliserte verda vår med stor merksemd retta mot økonomisk vekst blir det skapt store og alvorlege økonomiske skilnader. Det dominerande økonomiske systemet prioriterer fortjeneste for dei få og skaper stor ulikskap i verda. Å minske denne ulikskapen er ein grunnleggjande føresetnad for at vi skal kunne ha eit demokratisk og trygt verdssamfunn. Skal vi nå berekraftsmåla til FN innan 2030, må vi kjempe aktivt mot og redusere ulikskapen.

7.1 FNs berekraftsmål

FNs berekraftsmål, som blei vedtekne i 2015, ser miljø, økonomi og sosial utvikling i samanheng og peiker ut retninga for ei berekraftig utvikling globalt. 2030-agendaen, som berekraftsmåla inngår i, består av 17 mål og 169 delmål og gjeld alle land i verda og alle delar av samfunnet. Eit sentralt prinsipp er at berekraftsmåla omfattar alle menneske, og at ingen skal utelatast. FNs berekraftsmål legg til grunn at det krevst ein felles innsats frå myndigheiter, sivilsamfunn, miljøorganisasjonar, privat sektor og akademia dersom ein skal lykkast med å stanse klimaendringane, vinne kampen mot ulikskap og utrydde fattigdom innan 2030.

Dei fleste av dei 17 måla har koplingar til arbeidslivet, men måla knytte til anstendig arbeid, likestilling, klimaendringar og ulikskap er av særleg interesse for arbeidstakarane og er prioriterte mål for LO. Trepårtssamarbeidet mellom arbeidsgjevar- og arbeidstakarorganisasjonane og myndighetene har vore ein berebjelke i utviklinga av Noreg og bør vere eit sentralt partnerskap i arbeidet med berekraftsmåla både nasjonalt og internasjonalt. For LO er det klart at det berre er gjennom anstendig arbeid til alle at vi kan nå dei 17 måla innan 2030.

Eit hovudprinsipp i arbeidet med berekraftsmåla er å tenkje globalt, men handle lokalt. KS, NHO og LO har derfor gått saman i ein brei nasjonal partnerskap, Berekraftsløftet, for å styrkje partssamarbeidet regionalt og lokalt.

LO vil

- stimulere til berekraftig verdiskaping med høg sysselsetjing gjennom politisk påverknad
- styrkje trepartssamarbeidet lokalt og regionalt for å sikre fart, kraft og kreativitet i den lokale gjennomføringa
- gjennom Berekraftsløftet bidra til å prioritere satsingsområde og leggje til rette for gode løysingar gjennom samarbeid på tvers

7.2 Demokratibyggning og anstendig arbeid

Fred, demokrati, sterke faglege organisasjonar og rettferdig fordeling er føresetnader for økonomisk og sosial utvikling og berekraftige samfunn. Faglege rettar som retten til organisering, kollektive forhandlingar, streikerett og ikkje-diskriminering er grunnleggjande menneskerettar. Fagrørsla overalt i verda er eit viktig korrektiv til politikken frå myndigheitene. Sterke fagorganisasjonar er ein sentral aktør i det sivile samfunn og bidreg til ei meir rettferdig fordeling av goda. Styrking av faglege rettar og forsvar for interessene til arbeidstakarane er kjerneoppgåvene i LOs internasjonale arbeid. ILOs agenda for eit anstendig arbeidsliv blir lagd til grunn for arbeidet, og målet er anstendig arbeid for alle (berekraftsmål 8). LO skal evaluere og samanfatte norsk oppfølging av ILO-konvensjonar implementerte i Noreg.

Solidaritetsarbeidet til LO vil bidra til å byggje sterke, uavhengige og representative fagorganisasjonar med godt styresett prega av demokrati og openheit. Erfaringsutveksling på sentrale felt som forhandling, rekruttering, partssamarbeid, likestilling og involvering av ungdom gjer det meir sannsynleg at samarbeidsorganisasjonane våre greier å auke talet på medlemmer og representere behova til alle på ein effektiv måte.

Ein grunnleggjande føresetnad for økonomisk og sosial utvikling og berekraftige samfunn er at næringslivet respekterer menneskerettane, irekna faglege rettar, følgjer internasjonale standardar, tek sterk avstand frå korrupsjon og tek omsyn til det ytre miljøet i verksemda si. Mange selskap gjer dette allereie, men det er basert på frivilligheit. Både nasjonalt og internasjonalt må bedrifter kunne haldast ansvarlege når dei direkte eller indirekte bryt menneskerettane, slik at menneske som får livet eller livsgrunnlaget sitt øydelagt, skal blir høyrde og få oppreisning.

Mange migrantarbeidarar lever under vanskelege kår. Mange opplever dårlege arbeids- og buforhold, rasisme og seksuell trakassering. Forsvar av rettane til migrantarbeidarane er slik ei viktig oppgåve for fagrørsla.

LO vil arbeide for ei menneskerettslov for arbeidslivet, der norske bedrifter med verksemd i utlandet blir pålagde å følgje OECDs retningslinjer for fleirnasjonale selskap og FNs rettleiande prinsipp for næringsliv og menneskerettar, inkludert å gjere aktsemdvurderingar med omsyn til menneskerettar, korrupsjon og miljø, ha prosedyrar for oppreisning og innehalde sanksjonsmoglegheiter for å sikre etterleving. I tillegg vil LO støtte etableringa av Globale rammeavtalar (Global Framework Agreement) og Globale samarbeidsutval (Global Works Council) som viktige verktøy i dette.

Norsk Folkehjelp er LOs humanitære solidaritetsorganisasjon. Forbunda i LO og dei lokale ledda er viktige aktørar i gjennomføringa av solidaritetsarbeidet. Saman må vi sikre at Noreg ikkje senkar ambisjonsnivået i det internasjonale solidaritetsarbeidet, og sørgje for at det blir halde ved lag eit høgt bistandsnivå som eit bidrag til å redusere ulikskap i verda.

LO vil

- støtte bygginga av sterke, representative og demokratiske fagorganisasjonar internasjonalt og bidra til at norske myndigheiter følgjer opp ILOs strategi for eit anstendig arbeidsliv, med særleg vekt på likestilling og kvinner sine rettar og oppbygging av kollektive forhandlingar
- gjennom det internasjonale arbeidet sitt støtte arbeidet med å organisere arbeidstakarar i uformell sektor, migrantarbeidarar og andre sårbare grupper
- arbeide for ei menneskerettslov for arbeidslivet

7.3 Forsvars- og tryggingsspolitikk

LO ønskjer eit balansert nasjonalt forsvar med basis i heimlege oppgåver, med allmenn verneplikt og eit desentralisert og reelt landsdekkjande heimevern. Inntaket av vernepliktige må definerast både av behova i samfunnet og i Forsvaret, og det bør vurderast om verneplikta skal kunne avtenast også i offentlege og frivillige beredskapsorganisasjonar elles.

Noreg skal ha ein langsiktig forsvars- og tryggingsspolitikk som bidreg til stabilitet og føreseielege vilkår. Bruken av norske styrkar i internasjonale operasjonar utanfor NATO-territoriet må vere folkerettsleg forankra og ha FN-mandat. Forsvaret må bidra til totalberedskapen i samfunnet og må ha nødvendig øving, trening og planverk for hendingar og ulykker saman med andre offentlege etatar og frivillige organisasjonar.

Noreg må leggje vekt på samarbeid i nordområda og samtidig sikre eit aktivt nærvære for kontroll og handheving av norsk suverenitet. Dette skjer gjennom relevante bidrag frå alle forsvarsgreiner, irekna Kystvakta, som spelar ei viktig rolle som trygggleiksskapar og som handhevar av myndigheita til staten i havområda våre. Det er viktig med eit framhald av god maritim overvaking for både militære og sivile formål. Norsk etablert basepolitikk må førast vidare og ikkje bidra til å auke spenningsnivået i nordområda.

I nordområda har Noreg eit særskilt ansvar for å søkje dialog og samarbeid med naboland. Folk-til-folk-samarbeidet er ein føresetnad for gode naborelasjonar. Krig øydelegg tillit og samarbeid, og fred er ein føresetnad for at tillit kan byggjast opp att.

Ny teknologi, klimaendringar, grensekryssande kriminalitet krev vidareutvikling av beredskaps- og tryggingsspolitikk og eit sivilt-militært samarbeid.

Noreg skal jobbe aktivt for at dei militære utsleppa til alle land blir talde med i dei nasjonale klima- og miljørekneskapane.

Noreg blir dagleg utsett for truslar i det digitale rom. Det er ei tryggingsspolitisk utfordring når samfunnet blir stadig meir teknologiavhengig. Noreg må styrkje arbeidet med digital trygggleik gjennom ei brei samordning av innsatsen også på dette feltet. Forsvaret må ha ein eigen digital spisskompetanse som er rusta for å stå imot truslar i det digitale rom. IKT-tenestene til Forsvaret skal derfor ikkje setjast ut til private.

Tryggingss- og beredskapsomsyn tilseier at Forsvaret sjølv må ha nødvendig personell og kompetanse, og denne oppgåva eignar seg dermed ikkje for privatisering. Det er viktig for legitimiteten og tilliten til Forsvaret at det er underlagt demokratisk styring og kontroll. Det er samtidig viktig å sikre at Forsvaret kan halde ved lag den nødvendige vedlikehaldskompetansen i Noreg, både som ein integrert del av Forsvaret sjølv og i form av samarbeidsavtalar med nasjonal forsvarsindustri.

LO vil

- at Noreg, saman med dei andre nordiske landa, må arbeide for at NATO integrerer FN-traktaten som forbyr atomvåpen i nedrustingsstrategien til alliansen
- arbeide for at Noreg jobbar for eit internasjonalt forbod mot atomvåpen og for å avskaffe av biologiske og kjemiske våpen og signerer og ratifiserer det internasjonale forbodet mot atomvåpen

- arbeide for eit føreseieleg eksportregelverk for forsvarsmateriell og at det innanfor ramma av NATO blir utarbeidd ei felles norm for sluttbrukardokumentasjon ved kjøp og sal av våpen
- arbeide for at Noreg når toprosentmålet til NATO, og for at Forsvaret blir tilført nødvendig finansiering for å sikre beredskap og forsvarsevne

7.4 Internasjonalt fagleg samarbeid

LO vil ha eit tettare nordisk samarbeid både politisk og fagleg. LO samarbeider om og samordnar det faglege engasjementet gjennom Nordens Faglige Samorganisasjon (NFS). Norske myndigheiter må bidra til at både norske og nordiske interesser i Europa blir styrkte gjennom eit aktivt nordisk samarbeid.

LO deltek i utforminga av fagleg europapolitikk gjennom medlemskap i Den Europeiske Faglige Samorganisasjon (DEFS). Deltaking i DEFS er viktigaste kanalen LO har for innverknad og påverknad på utviklinga innanfor arbeids-, sosial-, utdannings-, miljø- og likestillingspolitikken i Europa og EU. Samarbeidet LO har med DEFS og Den Internasjonale Faglige Samorganisasjon (ITUC), skal prioriterast.

Faglege og sosiale rettar er svakt utvikla i dei nyaste medlemslanda i EU, og dei som eksisterer, er under angrep. LO vil bidra til å styrkje dei faglege rettane og den sosiale dialogen i landa gjennom fondet for anstendig arbeid og trepartssamarbeid. EØS-fondet må først vidare i kommande EØS-finansieringsordningar.

Europeisk samarbeidsutval (på engelsk EWC) er samarbeidsforum som har som formål å vareta den sosiale dialogen i fleirnasjonale selskap. Gjennom etablering av EWC kan vi påverke vedtak som fleirnasjonale selskap gjer, og som får noko å seie for tilsette og arbeidslivet i Noreg og Europa.

LO vil

- arbeide for at faglege rettar i EU og Europa blir haldne ved lag og utvikla vidare
- styrkje samarbeidet med nordisk og europeisk fagrørslar for å vareta interessene til arbeidstakarane i Europa og delta aktivt på dei arenaene som gjev fagrørsla innverknad i europeiske spørsmål
- bidra til å styrkje dei faglege rettane og den sosiale dialogen i dei aust- og sentraleuropeiske landa gjennom fondet for anstendig arbeid og trepartssamarbeid

